

A woman with dark hair, wearing a bright orange safety jacket and large yellow earplugs, is smiling slightly. She is standing in front of a blue helicopter. The jacket has several labels, including one that says 'HPL-1 HANSEN' and another with a barcode and text. The background shows the rotor blades of the helicopter and a body of water.

ÅRSRAPPORT
PETROLEUMSTILSYNET

2019

INNHALDSLISTE

DEL I. FRÅSEGN FRÅ LEIAREN	5
DEL II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	10
DEL III. AKTIVITETAR OG RESULTAT FOR ÅRET	25
3.1 Risikoen for storulykker i petroleumssektoren skal reduserast.	31
3.2 Verksemdene skal arbeide betre med førebyggjande arbeidsmiljø, helse og tryggleik og sørgje for forsvarlege arbeidsforhold.	41
3.3 Andre prioriterte oppgåver: kunnskapsutvikling, regelverksutvikling og partssamarbeid.	48
DEL IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	59
DEL V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	63
DEL VI. ÅRSREKNEKAP	66

DEL I. Fråsegn frå leiaren

Sikker, sterk og tydeleg

Hovudkonklusjonen frå stortingsmeldinga i 2018 var at det norske reguleringsregimet for helse, miljø og sikkerheit er velfungerande, og at det bør vidareføre. Både i Riksrevisjonsrapporten og i stortingsmeldinga blei det likevel understreka at eit sterkt og tydeleg tilsyn er viktig. Riksrevisjonen peika òg på fleire område der Petroleumstilsynet (Ptil) kan betre oppfølginga. Dette har vore rettesnor for mange av initiativa og aktivitetane som har prega verksemdsåret 2019.

Året 2019 har på mange måtar vore både eit krevjande og spennande år. Vi valde "Sikker, sterk og tydeleg" som hovudtema for 2019. Temaet blei vald for å framheve ansvaret kvar enkelt aktør har for å jobbe aktivt og kontinuerleg med å betre sikkerheita i eiga verksemd. Sikker, sterk og tydeleg blei òg ei viktig føring for innsatsen vår mot næringa og for utviklingsarbeidet vårt.

Optimisme, klima og innovasjon

Den aukande aktiviteten og optimismen i næringa som innleia 2018, har halde fram og har òg prega verksemdsåret 2019. Aktivitetsnivået for leiting og utbygging er høgt, samtidig som det er stor merksemd mot å utnytte moglegheitene som ligg i seinfasen. Klimautfordringar spelar ei viktigare rolle, både nasjonalt og globalt, og ny kunnskap og ny teknologi blir etterspurt for å utvikle meir miljøvennlege løysingar. Vi følgjer med på denne utviklinga ved å dele kunnskap og leggje til rette for samarbeid og gjennom tilsyn med utviklinga til aktørane og bruk av nye løysingar.

Risikonivå

RNNP er ei viktig kjelde til felles forståing av risikonivået i næringa. I tillegg er informasjon, kunnskap og erfaringar som vi samlar inn i samband med tilsyn og granskning og i møte og dialog med partane, sentralt for å kunne kome fram til eit tidsriktig risikobilete.

Risikonivået i norsk petroleumsvksemd har over tid hatt ei positiv utvikling, og storulykkeindikatoren for 2018 nådde sitt lågaste nivå. Dette nivået underbyggjer den positive utviklinga vi har sett sidan årtusenskiftet, og indikerer at næringa har blitt betre til å styre forhold som påverkar risiko. Sjølv om partane i næringa jobbar aktivt med å redusere ulykkesrisiko, må vi forvente at det skjer årlege variasjonar i talet på hendingar og i potensialet til enkelthendingar. I 2019 var talet på hendingar med storulykkepotensial, målt i forhold til utførte arbeidstimar, på same nivå som i 2018. Dette nivået er det lågaste som er registret. I absolutte tal var det ei auke i slike hendingar i 2019 i forhold til 2018. Vi granska òg fleire hendingar enn året før.



Anne Myhrvold, Direktør Petroleumstilsynet

Spørjeskjemaundersøkinga i RNNP har vist ei negativ utvikling etter 2013 for forhold som er knytte til arbeidsmiljøeksponering og sikkerheitsklima. Nedgangen blei kopla til omstillings- og nedbemanningsprosessar i same periode. Resultata frå spørjeskjemaundersøkinga i 2019 viser meir positive vurderingar enn i 2017, og vurderingane er tilbake på nivå med 2015. Dette er gledeleg, men det er likevel eit betringspotensial om vi samanliknar med 2013.

RNNP er eit viktig verktøy òg for å fremje samhandling mellom partane. Eg håper viljen og evna til å bidra med verdifull og påliteleg informasjon, og stå samla om resultatane i RNNP-arbeidet, vil halde fram i åra som kjem.

Prioriterte område – korleis bidreg Ptil?

Som tilsynsstyresmakt har vi det overordna ansvaret for å utarbeide og vidareutvikle regelverket og føre tilsyn med at aktørane etterlever dette. Oppfølgings- og tilsynsarbeidet vårt kjem i tillegg til og skal ikkje erstatte ansvaret selskapa har for å følgje opp eiga verksemd. Det er selskapa sitt ansvar å sikre at verksemda blir driven på ein robust og forsvarleg måte.

2019 har vore eit år med høgt aktivitetsnivå for oss. Vi har gjennomført fleire tilsyn offshore og jobba aktivt med på kunnskapsutvikling og erfaringsformidling, i tillegg til å drive regelverksutvikling, ivareta direktoroppgåver og leggje til rette for partsamarbeid. Internt vidareutviklings- og utbetringararbeid har òg fått stor merksemd. Petroleumsnæringa er prega av omstilling og effektivisering, og vi opplever ei utvikling der ny teknologi og nye løysingar og driftsformer blir introduserte. Ei slik utvikling fører til både moglegheiter og utfordringar. I samband med dette har vi gjennomført

tilsyn med korleis selskapa og leiinga tek avgjerder som sikrar robuste løysingar, kontinuerleg betring og aktivt reduserer risiko. Dette har vi følgd opp når digitale teknologiar blir tekne i bruk, når boreoperasjonar skal automatiserast, eller det blir gjennomført oppkjøp, fusjonar eller andre større effektiviseringsprosessar.

Noreg står overfor aukande risiko for å bli ramma av bevisste angrep. Utvikling og bruk av nye avanserte IKT-løysingar gjer oss meir sårbare og utsette for slike angrep. Vi har styrkt innsatsen innanfor sikring mot bevisste angrep og oppfølging av IKT-sikkerheit for å hindre feilhandlingar og sikre at systema er robuste.

Eit eksempel på meir langsiktig, målretta innsats frå vår side er risiko- og barrierestyring. Dei 10 siste åra har vi jobba systematisk med dette i regelverkssporet, gjennom kunnskapsutvikling, rettleiing og tilsyn. Vi ser no effektane av dette i det konkrete utbetringararbeidet til selskapa både offshore og på landanlegg.

Vi har delteke i Arbeidstilsynet sitt samordningsprosjekt om styresmaktene si handtering av eksterne varslingar, og vi har lansert vår eigen digitale varslingskanal. Vi har òg arbeidd saman med Arbeidstilsynet, STAMI og NAV for å byggje opp og vidareutvikle den nye IA-satsinga.

Vi har òg styrkt oppfølginga av fartøy, tidlegfase og feltutbyggingar, vidareutvikla RNNP og gått gjennom systemet for tildeling av konsesjonar og kvalifisering av aktørar i dialog med ASD.

Vidareutvikling av regimet og effektar av arbeidet vårt

Det er mange forhold som påverkar sikkerheitsnivået. Det gjer det utfordrande og komplekst å skulle vurdere og rapportere effekten av innsatsen vår. Vurdering av effektar må sjåast i lys av reguleringsregimet vårt og sentrale føringar for oppfølging av verksemda.

I arbeidet med å vidareutvikle og styrkje regimet har vi hatt særskild fokus på tilsynsstrategien vår og bruk av verkemiddel og reaksjonar. Vi har trappa opp innsatsen i tilsynet, vi er meir offshore enn tidlegare, vi grev djupare, vi finn meir, og vi følgjer i større grad opp at avvik faktisk blir korrigererte.

Dei to siste åra har vi òg gjennomført fleire uavhengige brukarundersøkingar for å vurdere effektane av arbeidet vårt. I denne samanhengen opplever eg det som gledeleg å kunne vise til ei positiv utvikling frå 2018 til 2019; at vi for eksempel blir oppfatta som tydelegare i utøvinga av rolla vår og i bruken av verkemiddel og reaksjonsmiddel, og at aktørane har tillit til oss som etat. Tilbakemeldingane i brukarundersøkingane våre viser òg at verkemidla blir vurderte som relevante og nyttige.

Frå vårt perspektiv ser vi at målretta påverknad over lang tid, der verkemiddel blir kombinerte, og der vi jobbar på fleire nivå, har best effekt på lang sikt. Samanhengar mellom og effektar av verkemiddel, på ulike nivå, på kort og lang sikt, er viktig å forstå for å kunne vurdere meir samlande effektar av arbeidet vårt.

Medverknad og partssamarbeid

I ein rapport frå partssamansett gruppe i 2017 blei det sett fokus på kor viktig det er å styrkje og vidareutvikle to- og trepartssamarbeidet. Som ei oppfølging av dette blei det sett ned åtte partssamansette arbeidsgrupper; fem i Sikkerhetsforum og tre i Regelverksforum i 2018. Her har det vore høg aktivitet i 2019, og vi har arbeidd saman om utbetring innanfor viktige område.

Vi vil framleis prioritere oppfølging av arbeidstakarmedverknad i tilsyn og leggje til rette for eit godt partssamarbeid. Eit velfungerande to- og trepartssamarbeid utgjer ein viktig berejleke i reguleringsregimet vårt, og det er eit sentralt bidrag for å sikre eit høgt HMS-nivå i petroleumsnæringa.

Hovudtema 2020 – Aldri ei ny storulykke


I 2020 markerer vi at det er 40 år sidan den aller største ulykka i Noregs oljehistorie. 27. mars 1980 tippa *Aleksander L. Kielland*-plattforma rundt, og 123 menneske omkom. Ulykka endra bransjen, petroleumsregimet og sikkerheitsarbeidet.

Gjennom 50 år har vi lært mykje om risiko, og vi veit at god sikkerheit er avhengig av om bransjen har evna til å redusere risiko. Vi må derfor bruke denne anledninga til å lære av historia. Vi er opptekne av at ambisjonen om kontinuerleg betring blir omsett til konkrete planar, og vi vil vite *kva* selskapa skal gjere *betre* framover, og *korleis* dei skal gjere det. Det er selskapa som har ansvaret, og det må dei vise kvar dag.

Eg trur vi alle kan vere samde om "*Aldri ei ny storulykke*".

Anne Myhrvold

Direktør Petroleumstilsynet



DEL II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Virksomheten, samfunnsoppdrag og mål

Verksemda

Ptil er eit fagleg uavhengig tilsyns- og forvaltingsorgan som er underlagt Arbeids- og sosialdepartementet (ASD). Tilsynet blei oppretta ved kronprinsregenten sin resolusjon 19. desember 2003.

Tilsynet har avgjerdsansvar for sikkerheit, arbeidsmiljø, beredskap og sikring i petroleumsverksemda på sokkelen og åtte landanlegg. Ansvarsområdet omfattar planlegging, prosjektering, bygging, drift, og seinare avslutning. Ptil har i tillegg avgjerdsansvar for havvind knytt til petroleumsinnretningar til havs og for sikkerheit ved transport og lagring av CO₂ i undersjøiske geologiske formasjonar på kontinentalsokkelen.

Ptil fører òg tilsyn med styringssystema til aktørane og førebyggjande arbeid mot bevisste angrep og hendingar, og tilstandar som kan føre til akutt forureining. Uønskete hendingar blir førebygde på same måte uavhengig av om dei kan føre til skade på menneske, akutt forureining og, eller tap av økonomiske verdjar. Sikkerheitsarbeid og ulykkesførebygging vernar derfor om fleire verdjar.

Tilsyn omfattar alle aktivitetar som gir Ptil eit grunnlag for å vurdere om, og følgje opp at, selskapa driv verksemda si i tråd med gitte rammevilkår. Den mest synlege delen av tilsynet er når Ptil er til stades på innretningar, landanlegg eller byggeplassar. Tilsyn omfattar meir enn dette, som oppfølging av næringa si etterlevinga av regelverket i alle fasar av verksemda, handsaming av søknadar og samtykke, datainnsamling om ulykker og hendingar, granskingar og handsaming av enkelt saker, og oppfølging og bruk av reaksjonsmiddel.

I tillegg gjennomfører Ptil årleg ei rekkje aktivitetar retta mot felles utfordringar i næringa. Føremålet er primært å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag og eit oppdatert risikobilete av sikkerheits- og arbeidsmiljøutfordringane i næringa, formidle ny kunnskap og førebu tilsyn innanfor prioriterte tema.

I Ptils direktoratfunksjonar inngår å utvikle, forvalte og formidle kunnskap om fagfeltet vårt og regelverket vi forvaltar. I tillegg inngår det å vere kompetanseorgan overfor sektoren, departementet, andre styresmakter og for folk flest. Dette krev utviklingsarbeid internt og aktiv leiing av eller deltaking i omfattande treparts-samarbeid knytt til regelverksutvikling, standardisering og anna fagleg utvikling. Grunnlaget for å nå måla våre blir bygd og utvikla på grunnlag av dette. Direktorat- og tilsynsoppgåvene samverkar og bidreg til måloppnåing. Direktoratfunksjonane kan òg aleine bidra og vere det mest effektive og føretrekte verkemiddelet til måloppnåing. Dei siste åra har vi sett ei auke i omfanget av direktoratoppgåver. Dette gjeld spesielt fagleg rådgiving til departementet, vår rolle som kompetanseorgan overfor sektoren og som forvaltar av regelverk. Vi reknar med at omfanget av forvaltingsoppgåver vil auke i åra som kjem.

Ptil er koordinerande etat for regelverksutvikling og tilsyn med HMS i norsk petroleumsverksemd. Koordineringsordninga til havs omfattar Miljødirektoratet, Statens helsetilsyn og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik. Koordineringsordninga for landanlegga omfattar i tillegg Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, Kystverket og Næringslivets sikkerhetsorganisasjon. Føremålet er å bidra til ei mest mogleg effektiv og samla oppfølging av HMS i petroleumsverksemda til havs og på land.

Ptil kan i planlegging og gjennomføring av tilsynet bruke sakkunnig hjelp frå andre offentlege etatar som har særskild kompetanse på aktuelle område. Ordninga er basert på samarbeidsavtalar med desse etatane:

- [Arbeidstilsynet](#),
- [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap \(DSB\)](#),
- [Luftfartstilsynet](#),
- [Meteorologisk institutt](#),
- [Direktoratet for strålevern og atomtryggleik \(DSA\)](#),
- [Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit](#),
- [Arbeids- og velferdsetaten \(NAV\)](#),
- [Sjøfartsdirektoratet \(Sdir\)](#),
- [Statens arbeidsmiljøinstitutt \(STAMI\)](#),
- [Statens helsetilsyn](#).



Petroleumstilsynet, Professor Olav Hanssens vei 10.



Vårt ansvarsområde



Ca **80** faste innretninger
Ca **60** rigger/innretninger med SUT



300 havbunnsinnretninger



8 landanlegg



25 000 mennesker i arbeid



15 400 km undervannsrørledninger



83 felt i produksjon per 1.1. 2019

Samfunnsoppdrag

Ptil skal leggje premisser for og følgje opp at aktørane held eit høgt nivå med omsyn til sikkerheit, helse og arbeidsmiljø og sikring. Ptil skal, på eit fagleg og sjølvstendig grunnlag, følgje opp at aktørane i petroleumsverksemda tek ansvar etter petroleumslovgivinga, arbeidsmiljølovgivinga og anna relevant regelverk som er underlagt Ptils styresmakt. Samfunnsoppdraget blir konkretisert blant anna i Prop. 1 S (2018-2019), i tildelingsbrevet 2019, i dei overordna resultatmåla og i strategiane våre for 2019.

Mål

I Prop. 1 S (2018-2019) gjeld desse overordna måla for arbeids- og velferdspolitikken:

- Eit omstillingsdyktig arbeidsliv med høg sysselsetting
- Økonomisk og sosial sikkerheit
- Eit trygt og seriøst arbeidsliv


Ptils innsats i 2019 skal bidra til desse delmåla i Prop. 1 S. (2018-2019):

- Låg risiko for storulykker i petroleumssektoren
- Utvikling og formidling av ny kunnskap om arbeidsmiljø, arbeidsforhold, arbeidshelse og sikkerheit

I tildelingsbrevet for 2019 er måla konkretisert i desse resultatmåla med hovudprioriteringar for 2019:

3.1 Risikoen for storulykke i petroleumssektoren skal reduserast

- Avgjerder som har tyding for val av robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar
- Risiko knytt til brønnskrollhendingar



- Risiko knytt til hydrokarbonlekkasjar
- Sikring mot bevisste angrep
- Ivaretaking av IKT-sikkerheit i industrielle system
- Førebygging av akutt forureining, særleg i nordområda

3.2 Verksemdene skal arbeide betre med førebyggjande arbeidsmiljø, helse og sikkerheit og sørgje for forsvarlege arbeidsforhold


- Systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko
- Tilrettelegging for reell arbeidstakarmedverknad
- Identifisering og handtering av HMS-risiko knytt til omstilling og endring
- Tilsyn med løns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar der det finst allmenngjeringsforskrifter

3.3 Andre prioriterte oppgåver

- Kunnskapsutvikling
- Regelverksutvikling
- Partssamarbeid

Mål og resultatstyring:

Ptil har mange ulike verkemiddel for å nå måla sine. Ein målretta kombinasjon av verkemiddel gir ofte god utnytting av ressursar og kompetanse og bidreg til gode effektar ved at tilsynet treff godt risikobasert, når fleire og har større slagkraft. Ptil bruker verkemidla ulikt avhengig av om målet er å bidra til å redusere storulykkerisiko eller arbeidsmiljørisiko. Samanhengane mellom Ptils innsats og effektar av innsatsen kan beskrivast i mål og resultatkjeda nedanfor.



Organisering og leiing

Ptil er organisert på denne måten:



Hovudleiing

Anne Myhrvold er direktør. I tillegg til direktøren for tilsynet består hovudleiinga av seks områdedirektørar.

Tilsyn

Seks tilsynslag følgjer opp kvar si gruppe av aktørar i verksemda. Kwart lag har ein tilsynsleiar som har produktansvar og formell avgjerdsrett. Kontaktpersonar i kvart lag fungerer som faste kontaktpunkt for aktørane.

Fag

Den HMS-faglege kompetansen til Ptil er delt inn i seks fagområde, der kvart område har ein fagleiar som har personalansvar og ansvar for fag- og kompetanseutvikling. Fagområda er:

- bore- og brønnteknologi
- prosessintegritet
- konstruksjonssikkerheit
- logistikk og beredskap
- arbeidsmiljø
- HMS-styring

Jus og rammevilkår

Eininga har ansvaret for styringsdialogen med departementet, utgreiingar, regelverksutvikling, deltaking i standardiseringsarbeid og avtaler med andre styresmakter. Eininga bidreg òg med å sikre den juridiske kvaliteten i regelverk, tilsynsrapportar og andre produkt der det formelle grunnlaget må vere klart og eintydig.

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Eininga har blant anna ansvaret for mediekontakt, drift av nettsidene og publikasjonar på papir og nett.

Drift og utvikling


Eininga er ansvarleg for intern drift og utvikling og består av sentrale støttefunksjonar innan økonomi, personalforvaltning, informasjonsforvaltning, intern sikring og systemutvikling.



Ressursbruk per hovudområde

Ved utgangen av 2019 hadde Ptil 178 tilsette (173 årsverk), og av desse var 177 faste stillingar og éin kontorlærling. Dette er ein auke frå 176 tilsette (171 årsverk) ved utgangen av 2018. Av dei tilsette er 46 prosent kvinner og 54 prosent menn. Ptil vurderer rekruttering regelmessig for å vere på eit nivå som er tilpassa oppgåvene og dei økonomiske ressursane til tilsynet.

Ptil har etablerte system for intern ressursstyring. Alle medarbeidarar registrerer ressursbruken sin for fastsette oppgåvekategoriar på timebasis. Systemet er tilpassa den samla oppgåveporteføljen for etaten og statlege ordningar for avspasering og fleksitid. På denne måten får vi oversikt over samla timebruk for ulike hovudområde. Dette gir oss informasjon om ressursstyringa vår er effektiv og i samsvar med prioriteringane våre. Ressursbruken vår i 2019 er fordelt på hovudområda refunderbare oppgåver, annan utetterretta aktivitet, fag- og kompetanseutvikling og administrasjon. Ressursbruk per resultatmål er gjort nærare greie for i del III. Diagrammet og tabellen nedanfor viser ressursbruk fordelt på hovudområda som er oppgitte i prosent og vekeverk.



År	Refunderbart arbeid	Annan utatterretta aktivitet	Fag- og kompetanseutvikling	Administrasjon
2017	56 %	17 %	6 %	21 %
2018	57 %	16 %	6 %	21 %
2019	58 %	14 %	6 %	22 %

Refunderbart arbeid

I denne kategorien inngår blant anna planlegging og gjennomføring av Ptils refunderbare oppgåver etter refusjonsforskrifta og bistandsoppgåver under Norad / Olje for utvikling. Refunderbart arbeid har ein samla ressursbruk på 58 prosent (4 193 vekeverk) i 2019, som er ein svak auke frå føregåande år. I dette inngår ca 2,5 prosent retta mot bistandsoppgåver under Norad.

Annan utetterretta aktivitet

I kategorien inngår direktoratoppgåver og informasjonsformidling. Direktoratoppgåver består i hovudsak av oppgåver knytte til regelverksutvikling og -fortolking, deltaking i standardiseringsarbeid og rådgiving til departementet, og samarbeid med nasjonale og internasjonale styresmakter. Kategorien omfattar òg handsaming av politisaker, klagesaker, høyringar og oppmodingar om innsyn. I 2019 utgjorde dette aktivitetsområdet 14 prosent (1 011 vekeverk) av den samla ressursbruken i Ptil, som er ein svak nedgang frå føregåande år. Dette kan forklarast ved at Ptil i perioden 2017 og 2018 brukte store ressursar i ei rekkje større direktoratoppgåver, som arbeid med rapport frå partssamansett gruppe, stortingsmelding, oppgåver knytte til regelverk og utgreiingar om fartøy, og Riksrevisjonens revisjon av Ptil. Vi reknar likevel med at ressursbruken innanfor denne kategorien vil kunne auke framover som følgje av meir omfattande direktoratoppgåver. For å vareta dette vurderer vi omprioritering av ressursar og rekruttering innanfor budsjettammene.

Fag- og kompetanseutvikling

Kategorien omfattar individuell fagleg utvikling og deltaking i forskning og utviklingsprosjekt (FoU). I dette inngår det å følgje med på teknologi- og kunnskapsutviklinga i petroleumsverksemda for at Ptil skal ha eit oppdatert bilete av risiko og utviklinga i næringa, og at vi deler denne kunnskapen med næringa. Vi har for eksempel i 2019 brukt store ressursar innan IKT-sikkerheit og nye teknologiar, slik at vi kan ha ei prioritert og målretta oppfølging for å kunne påverke risiko. Samla ressursbruk var 6 prosent i 2019 (392 vekeverk). Samanlikna med ressursbruken i føregåande år er ressursbruken innanfor kategorien stabil.

Administrasjon

Kategorien omfattar oppgåver som er knytte til styring og leiing (som ikkje er omfatta av refusjonsforskrifta). Oppgåvene gjeld strategiarbeid, planlegging, leiar-, fag- og lagmøte, organisasjonsutvikling, partssamarbeid og arbeidstakarmedverknad i Ptil og administrative støtteaktivitetar. Administrasjon inkluderer òg sakshandsaming knytt til kontraktar og nyskaffingar, personal, økonomi og informasjonsforvaltning. Samla ressursbruk i 2019 var 22 prosent (1 609 vekeverk). Ressursbruken for dette området har halde seg stabil over tid.

Utvalde hovudtal	2017	2018	2019
Tal på revisjonar/verifikasjonar	189	198	238
Tal på varsel om pålegg	11	15	14
Tal på pålegg	9	14	14
Tal på tvangsmulkt, politimeldingar og stansar	1	0	0
Tal på granskingar	5	5	9
Tal på offshoredøgn	484	663	673
Tal på gitte samtykke	84	107	107
Tal på søknadar om samsvarsfråsegner (SUT)	4	0	6
Tal på handsama planar for utbygging og drift og planar for anlegg og drift (PAD)	4	10	6
Politisaker	10	3	4
Klagesaker	19	10	1
Høyringar	82	98	60
Oppmodingar om innsyn (tal på innsynskrav i tal på journalpostar)	1083/7217	637/2307	871/7982

Presentasjon av utvalde hovudtal

Tabellen ovenfor viser ein oversikt over utvalde hovudtal i perioden 2017–2019 med nokre generelle kommentarar knytte til tala og talutviklinga.

Revisjonar/verifikasjonar: Tal på revisjonar har auka gradvis frå 2017 til 2019 frå høvesvis 189 til 238. Variasjonar i talet på gjennomførte revisjonar og verifikasjonar frå eitt år til eit anna kan òg henge saman med at omfanget av og kompleksiteten til den enkelte revisjons- og verifikasjonsaktiviteten varierer. I tillegg har vi gjennom tilsynsstrategien vår dei siste åra prioritert å vere meir til stades på innretningar og anlegg, noko som medverkar til å forklare den jamne auka frå 2017 til 2019.

Pålegg og varsel om pålegg: I 2019 blei det varsla og gitt 14 pålegg. Det har vore ein jamn, men ikkje dramatisk auke i bruken av pålegg dei siste åra. Vi har i større grad hatt spissa faglege tilsyn og breie tverrfaglege tilsyn. I tillegg har vi meir systematisk undersøkt om selskapa har korrigert identifiserte avvik. Dette har ført til fleire funn av ei alvorsgrad som gjer pålegg til det rette verkemiddelet.

Tvangsmulkt, politimeldingar og stans: Vi har ikkje teke i bruk tvangsmulkt, politimeldingar eller stansa aktivitet i 2019. Vi har likevel hatt tett kontakt med politiet, særskilt knytt til alvorlege hendingar.

Granskingar: I 2019 har vi granska ni hendingar, som er fire fleire enn dei to førre åra. Det var ingen dødsulykker i petroleumsverksemda i 2019. Alvorsgraden til hendinga er det viktigaste kriteriet for å vurdere om det skal setjast i verk gransking. Andre forhold kan òg vere utslagsgivande for om vi granskar, eller om hendinga blir følgd opp på annan måte. Ei av granskingane våre i 2019 handla eksempelvis om ei "ikkje-hending", der vi hadde bekymringar knytt til om anlegget var i ein slik tilstand at risiko for ei faktisk hending var høg.

Offshoredøgn: I den siste treårsperioden har vi hatt ein auke i talet på offshoredøgn. Auken har ein direkte samanheng med tilsynsstrategien for 2019, der vi har prioritert revisjonar og synlegheit til havs og på landanlegg.

Gitte samtykke: I 2019 var talet på gitte samtykke 107 og på same nivå som 2018, men høgare enn i 2017 (84). Dette reflekterer eit høgare aktivitetsnivå dei to siste åra samanlikna med 2017 og 2016. I 2016 var vi nede i 78. Ein stor del av samtykka våre handlar om boreaktivitetar.

Søknad om samsvarsfråsegn (SUT): Talet på handsama søknadar reflekterer talet på flyttbare innretningar som kjem til norsk sokkel for første gong. Etter eitt år utan SUT-søknadar, handsamar vi seks søknadar i 2019, som representerer ein relativt stor auke og høg ressursbruk. Søknadane gjeld i hovudsak bygging av nye innretningar som har fått kontrakt på norsk sokkel.


Plan for utbygging og drift (PUD) og plan for anlegg og drift (PAD): Ptil gjennomgår planane for PUD og PAD og gjer sikkerheitsmessige vurderingar av desse. Desse sikkerheitsfaglege vurderingane blir gitte til ASD som ansvarleg departement for sikkerheit i petroleumsverksemda. OED har saksansvaret for planane. I 2018 handsama vi ti PUD-ar, som var ein markant auke frå fire i 2017. I 2019 handsama vi fem PUD-ar og ein PAD.

Politisaker: I 2019 fekk vi fire saker til handsaming. Tre av sakene involverte Equinor som operatør, den fjerde Aker BP. To hendingar fann stad meir enn eitt år før politiet sende saka til Ptil.

Klagesaker: I 2019 handsama vi ei klagesak. Det er ein markant nedgang frå tidlegare år. Saka gjaldt innsyn. Klaga førte til delvis endring, og ASD heldt vedtaket ved lag.

Høyringar: I 2019 fekk vi ca. 60 offentlege høyringar. I tillegg kjem høyringar i samband med standardiseringsarbeid og søknadar til Mdir, OED og andre instansar der vi blir bedne om å kome med fråsegner. Omfanget av arbeid knytt til høyringar er derfor tilnærma tilsvarande tidlegare år.

Oppmodingar om innsyn: I 2019 fekk vi 871 innsynskrav i 7982 journalpostar. I desember 2019 blei det kravd innsyn i 4873 skjema med varsel og melding om fare- og ulykkessituasjonar, noko som bidreg vesentleg til det høge talet på journalpostar. Oppmodingar om innsyn varierer frå år til år avhengig av saker og hendingar. Det kjem ofte fleire oppmodingar om innsyn dersom det er knytt stor mediemerksemd til enkeltsaker.



Nøkkeltal frå Årsrekneskapen 2017-2019

Nedanfor følgjer ein presentasjon av utvalde nøkkeltal i tidsperioden 2017-2019 med tilhøyrande forklaringar.

NØKKELTAL	2017	2018	2019
Tal på tilsette	173	172	174
Tal på avtalte årsverk	172	172	174
Tal på utførte årsverk ¹	170	170	172
Samla tildeling post 01-99 ²	310 855 725	320 182 000	333 260 000
Utnyttingsgrad post 01-29	92,9 %	95,1 %	95,2 %
Driftskostnader	291 810 984	301 295 508	327 847 191
Lønsdel av driftskostnader ³	68,9 %	68,0 %	66,4 %
Lønskostnader per årsverk	1 179 643	1 206 094	1 262 569

Tal på tilsette: Tal på tilsette har auka frå 172 i 2018 til 174 i 2019.

Tal på avtalte årsverk: Tal på avtalte årsverk har auka frå 172 i 2018 til 174 i 2019.

Tal på utførte årsverk: Tal på utførte årsverk har auka frå 170 i 2018 til 172 i 2019.

Samla tildeling post 01-99: Samla tildeling på postane 01-99 er auka med 13,1 mill. kroner i forhold til samla tildeling for 2018. Utanom ei generell lønns- og prisjustering er løyvet auka som følgje av styrkt oppfølging av IKT-sikkerheit og ei generell styrkt oppfølging av petroleumsverksemda.

Utnyttingsgrad post 01-29: Utnyttingsgraden viser del av utgifter på postane 01-29 av tildeling. Denne viser ei svak auke i treårsperioden frå 92,9 prosent i 2017 til 95,2 prosent i 2019.

Driftskostnader: Frå 2018 til 2019 har driftskostnadene auka med 26,5 mill. kroner (8,8 prosent). Det har vore ei auke i lønskostnadene som følgje av fleire tilsette og lønnsoppgjeret i 2018. Petroleumstilsynet har òg fått eit auka løyve for å styrke oppfølging av petroleumsverksemda. Dette har gitt auka kostnader ved kjøp av konsulenttenester og ved bruk av assistanse frå andre statlege verksemdar i tillegg til ei auke i reisekostnader i samband med gjennomføring av aktivitetar innanfor tilsynsverksemda.

Lønskostnader per årsverk: Ei samanlikning av lønskostnader per årsverk for 2018 og 2019 viser ei auke på 4,7 prosent per årsverk.

¹ Frå og med rekneskapsåret 2020 vil talet på utførte årsverk bli utarbeidd i samsvar med definisjonen som er oppgitt i PM-2019-13.

² Inkluderer belastningsfullmakter.

³ Lønskostnader som inngår i berekning av lønsdel av driftskostnader, omfattar løn, feriepengar, arbeidsgivaravgift, pensjonskostnader og andre ytingar. Refusjonar frå Nav er trekte frå.



DEL

DEL III. Aktivitetar og resultat i 2019

Overordna vurdering av oppnådde mål

Omtala i dette kapitlet er inndelt etter resultatområdestrukturen i tildelingsbrevet for 2019. Dei nasjonale måla for HMS i petroleumsverksemda er politisk fastsette effekt mål for samfunnet og brukarane. Innsats for året (ressursar og aktivitetar) og grad av måloppnåing (resultat) blir vurdert opp mot i kor stor grad Ptil har bidrege til desse effekt måla:

- verksemdene får auka kunnskap/bevisstgjeri
- verksemdene får auka motivasjon
- verksemdene førebyggjer betre / meir systematisk

Vi bruker ulike verkemiddel og ulik samansetjing av verkemiddel for å oppnå effektiv påverknad og måloppnåing. Tilsyn, rettleiing, regelverksutvikling, kunnskapsformidling og samarbeid og fagleg rådgiving til departement er blant dei viktigaste. Val av verkemiddel blir vurdert opp kva ein vil oppnå, og kunnskapen vår om målgruppa. Verkemiddelapparatet vårt dekkjer eit vidt aktivitetsspekter og representerer ulike typar påverknad. Det kan variere frå enkeltrevisjonar mot spesifikke innretningar og anlegg til større kampanjar retta mot heile bransjen. Og det same verkemiddelet vil kunne brukast med ulike typar metodikk. Dialog som verkemiddel vil for eksempel både kunne fungere som rein informasjonsinnhenting til strengt formelle møte med umiddelbare effektar og tiltak. Vi vurderer kontinuerleg verknadar av verkemiddelbruken vår. Slike vurderingar er viktige for vidare prioritering og oppfølging for å nå måla våre og oppnå høgast mogleg effekt av innsatsen vår.

Ei viktig føring òg i 2019 var funn og konklusjonar frå stortingsmeldinga (Meld. St 12 (2017-2018) om helse, miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten) om helse, miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten. Hovudkonklusjonen var at reguleringsregimet for helse, miljø og sikkerheit er velfungerande, og at det bør halde fram. I meldinga blir det òg presisert at det er viktig å ha eit sterkt og tydeleg tilsyn for å sikre at regimet blir vidareført og vidareutvikla. Ptil sette i gang fleire prosessar og aktivitetar i 2018 for å sikre at vi er i samsvar med forventingar og føringar i meldinga. Arbeidet er vidareført i 2019.

I 2019 har vi lagt vekt på å vidareutvikle tilsynsstrategien vår og vere sterke og tydelege i verkemiddel- og reaksjonsbruken vår. Oppfølginga vår er system- og risikobasert og kjem i tillegg til selskapa si eiga oppfølging. I oppfølginga vår av selskapa legg vi dermed stor vekt på korleis selskapa sjølv tek dette ansvaret, og at dei aktivt demonstrerer for oss korleis dei identifiserer, handterer og reduserer risiko. Dei siste åra har vi i sterkare grad kontrollert at avvik blir korrigerde.

Konsesjonssystemet og tilhøyrande tildelingskriterium, tilsyn mot fartøysaktivitet i petroleumsverksemda, vidareutvikling av RNNP og tidlegfase og feltutbyggingar er òg område som har fått særskild merksemd i 2019.

Stortingsmeldinga peikte på eit behov for vidareutvikling av RNNP som eit viktig tiltak for å etablere eit felles risikobilette og for å styrkje eit av dei viktigaste verktøya våre for risikobasert oppfølging. I 2019 har vi betra og validert indikatorane på helse, arbeidsmiljø og storulykkerisiko. Vi har òg vidareutvikla spørjeskjema og metodikk for gjennomføring, og vi har gjort resultat frå RNNP lettare tilgjengelege for næringa ved opprette portalen "rnnp.no".

Medverknad og partssamarbeid er ein viktig berebjelke i HMS-regimet i petroleumsverksemda. Dialog og samarbeid med partane skjer gjennom dei etablerte trepartsarenaene, som Sikkerhetsforum og Regelverksforum, som Ptil legg til rette for og leiar. Vår oppfølging av partssamarbeid og medverknad skjer gjennom tilsyn, statusmøte med selskapa og i faste møte med fagforeiningar og forum for koordinerande hovudverneombud.

Eit anna forhold som påverkar val av verkemiddel og innsats, er dei rammevilkåra som pregar næringa. Det er framleis press på endring og effektivisering, og det er stadig større merksemd retta mot miljøkonsekvensar av petroleumsverksemda. Raskare bruk og implementering av ny kunnskap og teknologi som kan gjere næringa både meir miljøvennleg og kostnadseffektiv, blir etterspurt.


2019 har vore prega av eit høgt aktivitetsnivå der vi blant anna gjennomførte i overkant av 230 revisjonar og verifikasjonar innanfor storulykke- og arbeidsmiljørisiko. Vi har gjennomført fleire revisjonar enn tidlegare, vi har hatt mange oppgåver innan kunnskaps- og erfaringsformidling, og vi har brukt store ressursar både på å justere regelverket, lage nytt regelverk og ta hand om direktoratfunksjonen vår, og det har vore mange aktivitetar på trepartsarenaene. I tillegg har internt vidareutviklings- og utbetningsarbeid fått stor merksemd.

Det er mange forhold som påverkar sikkerheitsnivået. Det gjer det utfordrande og komplekst å vurdere og rapportere effekten av innsatsen vår. Vurdering av effektar må sjåast i lys av reguleringsregimet vårt og sentrale føringar for oppfølging av verksemdene. Det kan ta lang tid frå aktivitetane våre blir gjennomførte til vi ser effektar som gir utslag på måla, resultatmåla og hovudprioriteringane våre. Erfaringane våre frå tilsyn og tilbakemeldingar frå aktørane i 2019 indikerer at vi har størst effekt gjennom målretta påverknad over lang tid, på fleire nivå, og når vi kombinerer ulike verkemiddel. Vi har vist, for eksempel innan prioriterte område som hydrokarbonlekkasjar, risikoutsette grupper, barrierestyring og leiing og storulykkerisiko, at systematisk og målretta verkemiddelbruk over tid gir best effektar og sikkerheitsmessige betringar på lang sikt.

Ressursbruk – innsats per resultatmål

Tilsynet skal vere mest mogleg ressurseffektivt, og vi skal prioritere grundig for å oppnå høgast mogleg måloppnåing. Figuren nedanfor viser fordeling av ressursbruk per resultatmål i prosent og vekeverk.

Figuren viser fordeling av ressursbruk per resultatmål i prosent og vekeverk.



Slik det går fram, bruker Ptil 46 prosent av ressursane våre på oppfølging av resultatmål 3.1 om storulykkerisiko, 22 prosent på oppfølging av resultatmål 3.2 om arbeidsmiljø, og 29 prosent på resultatmål 3.3 om andre prioriterte oppgåver der kunnskapsutvikling, regelverksutvikling og partssamarbeid inngår. I tillegg har vi nytta tre prosent av ressursane på resultatmål 3.4 om styringsinformasjon (mål, resultat og effektvurderingar).


Frå 2018 til 2019 har ressursbruk innan resultatmål 3.1 om storulykkerisiko auka med 11 prosent. Vi registrerer òg ei auke i ressursbruk på 12 prosent innanfor resultatmål 3.2 om arbeidsmiljørisiko.

Den auka innsatsen i 2019 innan storulykke og arbeidsmiljørisiko må sjåast i lys av risikobiletet vi hadde etablert som grunnlag for tilsynsstrategien vår for 2019. Desse resultatområda med tilhøyrande hovudprioriteringar blei peikt ut som område med behov for styrkt innsats. For resultatmål 3.2 om arbeidsmiljørisiko ser vi òg at arbeidet med ny IA-avtale kravde ein litt høgare innsats enn det ein først gjekk ut frå.

Ressursbruk på resultatmål 3.1 og 3.2 og tilhørende hovudprioriteringar

I 2019 har vi utvikla ei meir detaljert oversikt over ressursbruken vår for resultatmål 3.1 og 3.2 og tilhørende hovudprioriteringar. Dette er gjort for å kunne vise ei meir detaljert framstilling av ressursbruken vår innanfor prioriterte område. Figuren viser berre innsatsen vår (tal på timar) knytt til fakturerbare gebyr- og sektoroppgåver og ikkje den samla ressursbruken vår og kostnader innanfor kvar hovudprioritering. For eksempel blir ikkje utgreiingar og rapportar som er gjennomførte av eksterne, reflekterte i dette biletet. Slike aktivitetar, og kunnskapsutvikling og omfang av desse, er omtala under resultatmål 3.3. Totalt tal på timar i figuren utgjer rett i underkant av 140 000 timar. Diagrammet viser at omtrent 80 prosent av aktivitetane våre er knytte til innsats for å redusere storulykkerisiko, og dei resterande 20 prosentdelane er knytte til førebyggjande arbeidsmiljø.

Figuren viser ressursbruk på resultatmål 3.1 og 3.2 og tilhørende hovudprioriteringar



Fordelinga på hovudprioriteringane våre for resultatmål 3.1 om reduksjon av storulykkerisiko viser at 23 prosent av innsatsen vår er knytt til "Avgjerder som har tyding for val av robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar" (3.1.1), ti prosent på reduksjon av risiko for "brønnkontrollhendingsar" (3.1.2) og seks prosent innanfor hovudprioriteringa "hydrokarbonlekkasjar" (3.1.3). Timeinnsatsen vår innan "sikring mot bevisste angrep" (3.1.4) viser fire prosent, og oppgåver innanfor "ivaretaking av IKT-sikkerheit i industrielle system" (3.1.5) og "førebygging av akutt forureining, særskilt i nordområda" (3.1.6) står for tre prosent kvar. "Storulykke anna" (3.1.7) utgjer 30 prosent av timeinnsatsen vår og omfattar eit mangfald av oppgåver knytt til reduksjon av storulykkerisiko, som gransking, storulykketilsyn på landanlegg, tilsyn med beredskap, vedlikehaldsstyring, prosess- og konstruksjonssikkerheit, oppfølging av fartøy, nye løysingar og ny teknologi, og enkelte kunnskapsprosjekt i ulike disiplinær. "Storulykke anna" omfattar oppgåver vi må prioritere, men som ikkje passar inn under dei definerte hovudprioriteringane.

Innsatsen vår på hovudprioriteringar under resultatmål 3.2 om førebyggjande arbeidsmiljø viser at ti prosent blir nytta innan "systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko" (3.2.1), to prosent innan "tilrettelegging for reell arbeidstakarmedverknad" (3.2.2) og tre prosent innanfor "identifisering og handtering av HMS-risiko knytt til omstilling og endring" (3.2.3). "Arbeidsmiljø anna" (3.2.5) utgjer seks prosent og omfattar oppgåver som blant anna tverrfaglege tilsyn innan materialhandtering, vedlikehald, kran og løft, og oppfølging av alvorlege personskadar. Innan hovudprioriteringa "Lovlege løns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar" (3.2.4) har vi ingen direkte målretta aktivitetar mot allmenngjorde tariffavtalar, fordi det per i dag ikkje eksisterer ein allmenngjord tariffavtale for arbeidstakarar på landanlegga. Ptil har derfor ikkje styresmakt til å følgje opp lønsvilkår for desse gruppene. Utanlandske arbeidstakarar er likevel dekte i andre typar tilsynsaktivitetar som inngår i systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko.


Ressursbruk i ulike fasar i feltutviklinga

I 2019 har vi utarbeidd ei framstilling som gjer greie for ressursbruken vår i dei ulike fasane i levetida til eit felt. Diagrammet gir eit oversyn over innsatsen vår i timar etter om aktiviteten er retta mot *tidlegfase*, *driftsfase* eller *avslutningsfase*. Figuren inkluderer ikkje samtykke.

Figuren viser at 29 prosent av ressursane våre blir brukte i *tidlegfase*. Dette dekkjer oppfølging av prosjekt før PUD og i perioden når innretningar blir bygde. I dette inngår aktivitetar retta mot prekvalifisering, samsvarsfråsegner, planar for utbygging og drift av innretningar og anlegg, klargjering for drift, og store prosjekt og modifikasjonar.

Ressursbruk i driftsfase utgjer den største prosentdelen på 69 prosent. Dette reflekterer eit bilete av kor hovudaktivitetane skjer, og kor prioriteringane våre ligg. I sistnemnde kategori, "*avslutningsfase*", er innsatsen retta mot plugging av brønner og disponering og fjerning av innretningar. Denne utgjer i 2019 kun to prosent av ressursbruken vår, men er venta å stige i åra som kjem. Fordelinga reflekterer innsats innanfor resultatmålet som er oppgitt som hovudkategori. Men fleire aktivitetar vil vere knytte til meir enn eitt resultatmål. Eit tverrfagleg tilsyn vil for eksempel kunne representere oppfølging både innanfor storulykke- og arbeidsmiljørisiko. Aktiviteten vil likevel berre vere registrert under eitt av resultatmåla. Dette er ikkje vist i figuren.

Figuren viser ressursbruk i tidlegfase, driftsfase og avslutningsfase for 2019




Oppsummert viser dei grafiske framstillingane kor hovudinnsatsen vår har vore i 2019. Innsatsen er eit resultat av prioriteringane vi gjorde i tilsynsstrategien vår for 2019. På eit overordna nivå viser han òg at vi har klart å rette merksemda vår mot resultatmåla og hovudprioriteringane som ligg i tildelingsbrevet, og mot prioriteringar basert på risikobiletet vi etablerte då vi planla for 2019. Framstillinga av ressursbruk gir oss eit godt grunnlag for vurdering av gjennomføringskapasiteten vår og grunnlag for analyse av samanhengar mellom gjennomføring, resultat og effekt innanfor resultatmåla og hovudprioriteringane våre.

Resultatmål 3.1 Risikoen for storulykker i petroleumssektoren skal reduserast

Ei storulykke er det mest alvorlege som kan skje i petroleumsverksemda. Når Ptil vurderer risiko og gjer risikobaserte prioriteringar, baserer vi vurderingane våre på fleire kjelder. Vi nyttar risikoinformasjon på aggregert og detaljert nivå, vi vurderer utvikling over tid på ulike storulykke- og arbeidsmiljøindikatorar, og vi gjer vurderingar av nye, framveksande risikoar. Dei mest sentrale kjeldene for risikoinformasjon er Risikonivå i norsk petroleumsverksemd (RNNP), informasjon og erfaringar frå tilsyn, gransking, varsel og bekymringsmeldingar, og informasjon frå møte og dialog med aktørar og partane i næringa.

I RNNP blir utviklinga i petroleumsnæringa overvaka gjennom ei rekkje indikatorar på sikkerheit og arbeidsmiljø. Risikonivået i norsk petroleumsverksemd har over tid hatt ei positiv utvikling, og storulykkeindikatoren nådde det lågaste nivået i 2018. I 2019 har derimot talet på rapporterte hendingar auka som følgje av fleire brønnskrollhendingar og skadar på stigerøyr. Storulykkeindikatoren som reflekterer talet på alvorlege hendingar og potensialet til hendingane med tanke på tap av liv, viser større årlege variasjonar fordi enkelthendingar med stort potensial har relativt sterk påverknad på indikatoren. Samla sett viser storulykkeindikatoren òg ei positiv utvikling over tid, blant anna med færre hydrokarbonlekkasjar. Dette indikerer at næringa har blitt betre til å styre forhold som påverkar risiko. Figuren nedanfor viser oversikt over utviklinga av hendingar med storulykkepotensial i perioden 2000 til 2019. (Kjelde: RNNP 2019) RNNP-rapporten for 2019 blir publisert 2. april 2020.



Sjølv om sikkerheitsnivået er høgt, har vi hatt fleire alvorlege hendingar i 2019 enn i 2018, og vi har nesten dobla talet på granskingar i 2019 samanlikna med fjoråret. Granskingar nasjonalt og internasjonalt viser at storulykker ofte har eit komplekst og samansett hendingsforløp, og at menneskelege og organisatoriske forhold kan vere sterke bidragsytarar til ulykkene.

I 2019 granska vi ni hendingar:

- *Kollisjon mellom forsyningsfartøy og innretning (Sjoberg og Statfjord A)*
- *Utilsikta fråkopling av lower marine riser package (LMRP) (West Hercules)*
- *Fallande gjenstand/løpekatt (Åsgard B)*
- *Fallande gjenstand (Cyda)*
- *Eksplasjon nitrogenflaske (Heimdal)*
- *Oljeutslepp (Statfjord A)*
- *Brann og røyk i innløpsseparator (Snorre B)*
- *Casslekkasje på (Aasta Hansteen)*
- *Svakheiter ved sikkerheitsventilar i anlegget (Hammerfest LNG)*

Hovudmålet med granskingar er læring og erfaringsoverføring til industrien. Gransking er ein viktig del av tilsynet vårt, og granskingsrapportane blir publiserte på www.Ptil.no. Nærare omtale av utvalde granskingar som er gjennomførte i 2019, er gjort under resultatmåla og dei tilhøyrande hovudprioriteringane.

På bakgrunn av datagrunnlaget, utvikling over tid og risikovurderingane våre prioriterer Ptil område som vi skal ha særleg merksemd på for at innsatsen vår skal bidra til måloppnåing om å redusere storulykkerisiko. I 2019 har hovudprioriteringane våre under resultatmål 3.1 vore:

- **Avgjerder som har tyding for val av robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar**
- **Risiko knytt til brønnkontrollhendingar**
- **Risiko knytt til hydrokarbonlekkasjar**
- **Sikring mot bevisste angrep**
- **Ivaretaking av IKT-sikkerheit i industrielle system**
- **Førebygging av akutt forureining, særleg i nordområda**

For kvart område vel vi ut tema og prioriterer aktivitetar basert på meir spesifikke risikovurderingar for å oppnå ønskte resultat. Den vidare delen gjer greie for aktivitetar, metodar, resultat, funn, reaksjonar og vurdering av effekt innanfor desse hovudprioriteringane og andre tema som Ptil har vurdert som viktige for måloppnåinga i 2019, basert på resultat- og effektkjeda presentert i del II.

Avgjerder som har tyding for val av robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar

Petroleumsnæringa er prega av omstilling og effektivisering, og vi opplever ei utvikling der ny teknologi og nye løysingar og driftsformer blir introduserte. Ei slik utvikling fører til både moglegheiter og utfordringar. I samband med dette har vi i 2019 ført tilsyn med korleis selskapa og leiinga tek avgjerder som sikrar robuste løysingar, kontinuerleg betring og aktivt reduserer risiko. Dette har vi følgd opp når digitale teknologiar blir tekne i bruk, når boreoperasjonar skal automatiserast, eller det blir gjennomført oppkjøp, fusjonar eller andre større effektiviseringsprosessar.

I 2019 har vi hatt merksemd på at robuste løysingar blir lagde til grunn på planleggingsstadiet, og at dei blir haldne ved lag i alle fasar av verksemda ved vedlikehald og barrierestyling. Vi erfarer at operasjonelle og organisatoriske barriereelement er under implementering på fleirtalet av dei faste innretningane offshore. I tilsyn ser vi at fleire aktørar har implementert nye løysingar for å sikre at selskapets barrierefunksjonar med operasjonelle og organisatoriske barriereelement er etablerte og i samsvar med risikobiletet for den enkelte innretninga. Vi har òg verifisert at det blir gjennomført trening og øvingar i større grad enn tidligare, noko som vil betre evna til å handtere hendingar i offshoreorganisasjonen. Ei rekkje selskap er likevel ikkje komne like langt i å inkludere operasjonelle og organisatoriske barriereelement i barrierestylinga, men vi erfarer at det blir arbeidd med dette. Arbeid med å inkludere bore- og brønnopeasjonar i større grad i barrierestylinga er pilotert. Dette er planlagt implementert på faste og flyttbare innretningar og for fleirtalet av landanlegga i 2020.


Tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar kan ha stor tyding for storulykkerisiko i petroleumsnæringa. Tilstrekkeleg robustheit gir grunnlag for å handtere endra føresetnader og tilløp til hendingar. Det er viktig at aktørane i næringa nyttar robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar som reduserer faren for at feil-, fare- eller ulykkessituasjonar skjer.

I 2019 har vi initiert og medverka i FoU-aktivitetar, fagkonferansar, fagmøte med konsulent og forskingsmiljø. Det er etablert eit eige Nettverk for barrierestyling i drift, med brei representasjon frå petroleumsverksemda, fordi selskapa sjølv har sett effekten av erfaringsoverføring. Aktivitetar i 2019 retta mot avgjerder som har tyding for val av robuste tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysingar, har medverka til auka kunnskap, høgare medvit og betre systematisk førebygging i næringa. Erfaringa vår er at systematisk og langsiktig tilnærming over tid gir effekt.

Risiko knytt til brønnkontrollhendingar

Tap av brønnkontroll representerer ein storulykkerisiko ved all bore- og brønnaktivitet, både leiteboring, produksjonsboring, ved brønnvedlikehald og i samband med plugging og forlating av brønnar. Reduksjon av brønnkontrollhendingar og auka merksemd på brønnintegritet er vesentleg for å redusere risiko for storulykker. Utviklinga i brønnkontrollhendingar og brønnintegritet blir følgd nøye opp av industrien og Ptil.

Figuren nedanfor viser talet på brønnkontrollhendingar per 100 brønner, leite- og produksjonsboring i perioden 2000–2019. Det blei starta totalt 57 leitebrønner og 196 produksjonsbrønner i 2019. Figuren viser at det i perioden er registrert eit høgt tal på hendingar innan leiteboring per 100 bora brønner. I 2019 var det totalt 19 brønnkontrollhendingar, der 18 av hendingane er klassifiserte som hending på nivå 3, låg alvorsgrad. Éi hending blei klassifisert som alvorleg. Når vi normaliserer talet på hendingar mot aktivitetsnivået, ser vi likevel at nivået er innanfor den venta verdien. (Kjelde RNNP 2019).



Mange felt på norsk sokkel er i slutfasen, og aktivitetsnivået knytt til plugging av brønner, vil auke i åra framover. I 2019 og 2020 er det gjennomført og planlagt for permanent plugging av brønner på fleire innretningar. I tillegg ser vi at det har vore ei auke i talet på brønner der delar av brønnen blir tilbakeplugga for å bore eit nytt brønnløp ut frå hovudløpet. I dei siste åra har vi registrert ei auke i talet på brønnkontrollhendingar relatert til plugging av brønner.

Vi har gjennomført ei rekkje aktivitetar i 2019 for å redusere risiko for brønnehendingar og førebyggje for akutt forureining. Vi har henta inn kunnskap i tilsyn om sikkerheitsmessige utfordringar innan brønnkontroll, brønnkontrollutstyr og brønnkontrollkompetanse. Vi prioriterer denne tilnærminga fordi det er viktig for oss å ha kjennskap til kunnskaps- og kompetansenivået i næringa. Vi har òg gjennomført tilsynskampanjar med brønnkontroll og sett på bruk av alternative boremetodar, barrierestyling og brønnkontrollhandtering. Vi registrerer at selskapa jobbar aktivt både enkeltvis og på tvers med å redusere tid og kostnader og ta vare på sikkerheita i samband med plugging.

I 2019 har vi ført tilsyn med digitalisering, automatisering og robotisering innan bore- og brønneroperasjonar og hatt oppfølging av ny teknologi for brønnkontrollutstyr. Vidare har vi delteke i relevante nasjonale og internasjonale arbeids- og komitémøte og konferansar for erfaringsdeling og kompetanseløft. Vi arrangerte òg ein fagdag i 2019 der målsetjinga var å dele kunnskap med næringa om utfordringar knytt til brønndesign, robustheit og brønnkontrollhendingar. Resultata frå desse aktivitetane har medverka til auka kunnskap og erfaringsutveksling om tema.

Dei to siste åra har vi fått inn søknadar om samtykke til boring av brønner der brønndesignet vil kunne føre til utfordringar med omsyn til å stoppe ei eventuell utblåsing. I enkelte samtykke har vi gitt faglege råd til Miljødirektoratet der planlagt brønndesign har gitt utfordringar når det gjeld miljørisikoanalysen, på grunn av potensielt høge oljeutsleppsratear. I både tilsyn og ved handsaming av samtykke har vi derfor hatt særleg merksemd på at brønndesignet er robust og i samsvar med regelverket, slik at det gir brønner utan lekkasjar til ytre miljø. Vi ser stadig at nye og utradisjonelle løysingar blir lagde til grunn for å redusere kostnadene ved plugging og forlating av brønner, og vi har derfor følgd opp at selskapa i tilstrekkeleg grad kvalifiserer og verifiserer dei valde løysingane sine.

I 2019 granska vi ei brønnehending på West Hercules i Barentshavet. Årsaka til hendinga var feil ved det automatiske fråkoplingssystemet, som førte til ei utilsikta fråkopling av nedre stigerørspakke under boring. Hendinga oppstod medan brønnen var sikra, og det var derfor ikkje fare for utslepp frå reservoaret til ytre miljø. Dersom hendinga hadde oppstått på eit seinare tidspunkt med hydrokarbon til stades, kunne situasjonen vore veldig annleis. I granskinga vår identifiserte vi ei rekkje bakanfor- Wliggjande årsaker til hendinga, for eksempel manglar ved risikostyring og endringsstyring, manglande kompetanse og kapasitet i organisasjonen, mangelfulle prosedyrar og manglande etterleving av rutinar for vedlikehald. Granskinga vår resulterte i utbe- tringsarbeid hos riggeigar der det blei gjennomført gjennomgang av eigne system for risiko-, vedlikehalds- og endringsstyring. Erfaringa til selskapet er delt med andre innretningar med same utstyr, og riggeigar har sjølv følgd opp utstyrsleverandør. Som tilsynsstyresmakt vil vi òg følgje opp desse temaa med revisjon i 2020.


I 2019 gjennomførte konsulentselskapet Menon Economics og DNV GL, på oppdrag frå oss, ei vurdering av kjeldene som påverkar sikkerhetsnivået innanfor tema brønnkontroll og kjemisk helseisiko. Føremålet var å finne ut kva effekt Ptils samla innsats har for brønnkontroll. Den viktigaste kjelda til eit høgt nivå innanfor brønnsikkerheit er ifølgje respondentane regelverk og standardar, selskapets eiga prioritering av sikkerheit og arbeidsmiljø og kompetanse blant fagspesialistane i selskapet. Evalueringa viser òg at Ptils aktivitetar, som tilsyn, gransking og fagseminar, blir vurderte til å ha verknadar på næringa sitt arbeid med å redusere risiko, og at selskapa har stor merksemd retta mot brønnkontroll for å redusere storulykkerisiko.

Tilsynet vårt med selskapa medverkar til betre og meir systematisk førebygging i dei enkelte selskapa og meir kunnskap om årsaker til, og konkrete tiltak for å redusere, brønnkontrollhendingar. Dermed kan vi gå ut frå at aktivitetane våre har ein indirekte førebyggjande effekt på risiko for brønnkontrollhendingar. Både med omsyn til plugging av brønner og brønnkontroll har vi halde ved lag oppfølginga av næringa over lang tid. Dette har gitt effekt i form av at næringa har etablert forum, som for eksempel "Plugging and Abandonment Forum (PAF)" og andre viktige møtearenaer der erfaringane blir delte. Som tilsynsstyresmakt medverkar vi med kunnskap frå tilsynspraksisen vår og avklaringar av regelverket og oppfordrar næringa til samarbeid.

Risiko knytt til hydrokarbonlekkasjar

Hydrokarbonlekkasjar har stor tyding for storulykkesrisiko i norsk petroleumsverksemd. Ein hydrokarbonlekkasje som tek fyr, kan resultere i brann og/eller eksplosjon, som igjen kan føre til tap av menneskeliv, større utslepp av hydrokarbon til sjø og tap av store materielle verdiar. Storulykkepotensialet knytt til hydrokarbonlekkasjar medverkar til at dette er eit område med høg prioritet.

Figuren under viser ein oversikt over hydrokarbonlekkasjar for perioden 2000–2019 over 0,1 kg/s, oppdelt etter kategori etter lekkasjerate. Det er registrert seks hydrokarbonlekkasjar med rate over 0,1 kg/s i 2019, der alle lekkasjar er i kategorien 0,1–1 kg/s. I perioden 2000–2019 var det ein klar reduksjon i talet på lekkasjar per år. Det var likevel ei auke i talet på lekkasjar i 2015 til 2017 i forhold til perioden 2012–2014. Sidan 2003 har næringa gjennomført fleire målretta prosjekt og studiar for å finne bakanforliggjande årsaker til lekkasjar og identifisere tiltak med tanke på å redusere talet på hydrokarbonlekkasjar. Det er vår vurdering at tiltaka ein samla bransje har identifisert og sett i verk, har medverka til denne reduksjonen.



Ptil har hatt stor merksemd på hydrokarbonlekkasjar i kommunikasjonen med næringa. Ptil er pådrivar for å redusere talet på hydrokarbonlekkasjar og det ibuande potensialet. Vi har jobba systematisk med styring av risiko og barrierar sidan effektiv og målretta risiko- og barrierestyling er eit sentralt verkemiddel for å redusere risikoen for denne typen hendingar. Barrierestyring kan vere tiltak som skal hindre at det oppstår lekkasje, oppdage lekkasje, hindre tenning, avgrense konsekvensar ved ein eventuell brann eller eksplosjon og sikre nødvendige beredskapsfunksjonar. Det blir lagt vekt på å ha god kontroll på potensielle tennekjelder. Ingen av lekkasjane over 0,1 kg/s som har blitt rapportert i RNNP i perioden 1996–2018, har ført til tenning.

I 2019 har vi i tillegg til risiko- og barrieretilsyna våre gjennomført aktivitetar knytte til selskapa sitt eige arbeid for å redusere hydrokarbonlekkasjar. Vi har hatt tilsyn i form av møteseriar med utvalde selskapa der selskapa er bedne om å gjennomgå korleis dei følgjer opp gasslekkasjar, inkludert korleis dei har oversikt, kva som blir rapportert, tiltak som er sette i verk, arbeid på trykksette system og bruk av ny teknologi.



Ptil har delteke som observatør i prosjekt som Norsk Olje og Gass har gjennomført for å redusere talet på hydrokarbonlekkasjar. Prosjekta har hatt ei systematisk og langsiktig målsetjing om å medverke til at talet på hydrokarbonlekkasjar med storulykkepotensial blir redusert kontinuerleg. Det er framleis i gang prosjektaktivitetar der erfaringsoverføring og læring om hydrokarbonlekkasjehendingar står sentralt.

I 2019 starta vi gransking av ein gasslekkasje på innretninga Aasta Hansteen. Granskninga vår har gitt viktig læring om hendingsforløpet og faktisk og potensiell konsekvens, og identifiserte utløysande og bakanforliggjande årsaker. Granskingsrapporten vil bli publisert på heimesidene våre for informasjon og erfaringsdeling. Vi følgjer rutinemessig opp alle hydrokarbonlekkasjar som blir vurderte til å potensial til å utvikle seg til ei alvorleg hending, sjølv om dei ikkje rettferdiggjjer ei gransking. Denne typen oppfølging gir oss verdifull informasjon om årsak og verknad, som medverkar til kunnskapsbasen vår for vidare oppfølging av verksemda. I 2019 har vi òg sett på årsaker og konsekvensar av vibrasjonar i prosessanlegg og korleis dette blir følgt opp i drift. På landanlegg har talet på hydrokarbonlekkasjar større enn 0,1 kg/s vore på eit stabilt nivå dei siste åra. Dette gjeld òg når ein normaliserer talet på lekkasjar på aktivitetsnivå målt i arbeidstimar. Vi erfarer at teknisk degradering er årsak til fleire lekkasjar på landanlegga enn på innretningane på sokkelen.

Vi erfarer at vi har effekt når vi held fast ved risikotema over tid, og ved å etablere ei felles forståing for problemstillinga mellom partane, for eksempel i Sikkerhetsforum. Vi oppfordrar selskapa til sjølv å finne løysingane, og vi sjekkar om tiltak faktisk blir sette i verk og får den tiltenkte effekten. Denne tilnærminga er gjeldande for oppfølginga vår av hydrokarbonlekkasjar. Vi vil halde fram med å følgje opp hydrokarbonlekkasjar gjennom tilsyn og andre aktivitetar i 2020.

Sikring mot bevisste angrep

Ifølgje sikkerheitsstyresmaktene står Noreg overfor aukande risiko for å bli ramma av sikkerheitstruande hendingar. Endringar i den samfunnsmessige og teknologiske utviklinga skjer så raskt at det er vanskeleg å respondere med mottiltak. Enkelthendingar og episodar vil plutseleg kunne skje og kan få store og uventa konsekvensar på samfunnsnivå. Dette krev at aktørane i petroleumsnæringa held robust beredskap og sikring mot bevisste angrep ved lag, og at tiltaka er dynamiske og i samsvar med tiltrugselbiletet.

I 2019 har vi gjennomført tilsyn innan dette temaet på forsyningsbasar, helikopterterminalar, offshoreinstallasjonar og landanlegg. Målet har vore å verifisere at dei ansvarlege har etablert styringssystem for sikring som medverkar til å hindre bevisste angrep, og at dei heile tida har beredskapsplanar for å få oversikt over og status på sikringsnivået i norsk petroleumsverksemd.

Tilsynsaktivitetane har omfatta fysisk sikring og personellsikkerheit. Innan personellsikkerheit har vi gjennomført eit prosjekt for å auke vårt eige og selskapa sitt kunnskapsgrunnlag, som omfattar ei systematisk tilnærming til handtering av innsiderisiko. I tilsyn registrerer vi at næringa opplever at dette er ein utfordrande risiko å handtere. Vi har derfor undersøkt kva ein innsiderisiko er, kva som er beste praksis, korleis petroleumsnæringa handterer dette, og om det er mogleg å identifisere utbetringsområde for næringa. Innsiderisiko var òg tema på Ptils fagdag for sikring i 2019. Rapporten frå

prosjektet er lagt ut på Ptil si heimeside og inneheld ei sjekklister som kan nyttast for å finne ut kor godt eit selskap er rusta for å førebygge og handtere ein mogleg innsidetrugsel.

Ptil deltok òg i øvinga Trident Jupiter i 2019. Formålet med øvinga var å følgje opp og utvikle sivilt militært samarbeid i ramma av totalforsvaret med vekt på liaisonfunksjonen. Dette inkluderte forståing av rollar, ansvar og avgjerdsrett mellom forsvaret og sivile styresmakter og andre aktørar. Ptil er òg aktivt involvert i arbeidet med nasjonal og internasjonal standardisering innanfor sikring, samfunnssikkerheit og beredskap som har tyding for regelverket.

Gjennom tilsyn og sikringsprosjekt har Ptil opparbeidd kunnskap og kompetanse som er viktig for å gjennomføre og vidareutvikle ei målretta og risikobasert oppfølging av aktørane sitt arbeid med beredskap mot bevisste angrep. Dette har òg medverka til å motivere dei ansvarlege til å arbeide for kontinuerleg betring av sikringsnivået i petroleumsverksemda. Konkrete funn, observasjonar og tilrådingar frå sikringstilsyn vi har gjort, er unnateke offentlegheita og blir derfor ikkje omtala.

Ivaretaking av IKT-sikkerheit i industrielle system

Aukande bruk av digitale teknologiar gjer petroleumsindustrien meir utsett som følgje av sårbarheiter i IKT-system og avanserte digitale trugslar. Endringa i risikobiletet krev at aktørane har merksemd på å betre IKT-sikkerheita i og evna til å handtere uønskede digitale hendingar. Ptil har styrkt ressursane sine innanfor IKT-sikkerheit som det blei peikt på både av Lysne-utvalet NOU (2015:13) *Digital sårbarhet – Sikkert samfunn* og Meld. St. 38 (2016-2017) *IKT-sikkerheit – Eit felles ansvar*.

Vi har følgt opp temaet i 2019 gjennom forskingsaktivitetar, tilsyn med enkeltaktørar og kunnskapsformidling. Utgreiings- og forskingsaktivitetane har vore retta mot ulike aspekt av robustheit i industrielle IKT-system. Det er vurdert tekniske tiltak, operative løysingar, trening og øvingar i handtering av hendingar og evaluering av regelverk og tilsynsmetodikk. Rapportane er publiserte på våre nettsider.

I aktivitetane våre har vi sett at næringa har styrande dokumentasjon og prosedyrar for å handtere IKT-sikkerheit i industrielle system. I tilsyn har vi undersøkt om prinsipp og prosedyrar blir følgde opp i praksis, og om systema har løysingar for vern som er omtala i styrande dokumentasjon. Utfordringane er at desse berre til ei viss grad blir følgd i det dagleg arbeidet. Vidare ser vi at det er manglar knytt til kompetanse, trening og øvingar. Industrielle IKT-system er sentrale for drift og sikkerheitsfunksjonar òg i produksjon av olje og gass. Det er ikkje mogleg å verne og oppdatere desse systema på same måte som kontorsystem og administrative system, og dei blir til ei viss grad ikkje tilstrekkeleg følgde opp.

Vi har løfta fram både resultatane frå tilsyn og FOU-arbeidet vårt i møte med og i foredrag for næringa for å sikre kunnskapsdeling om temaet. IKT-sikkerheit har òg vore tema i leiargruppa for landanlegga (L8) og i Rederiforbundet si gruppe for offshore-entreprenørar (GOE). Vidare har næringa etablert eit eige forum for IKT-sikkerheit i industrielle system som har møte kvart halvår for å dele erfaring og læring. Gjennom erfaringsdeling og meir systematisk førebygging i dei enkelte selskapa om årsaker til og konkrete tiltak for å ta vare på IKT-sikkerheit i industrielle system, opplever vi at vi har effekt.

Førebygging av akutt forureining, særleg i nordområda

Ptil skal medverke til at aktørane i petroleumsverksemda prioriterer å førebyggje hendingar som kan føre til skadar på det ytre miljøet. Førebygging av akutte utslipp blir følgd opp i tilsynet, på trepartsarenaene og i samarbeidet med andre styresmakter. Erfaringar viser at det framleis er behov for å arbeide med avgrensande perspektiv på sikkerheit for å betre effektiviteten til ulykkesførebyggjande arbeid. Førebygging av storulykker bør i større grad vurderast med omsyn til kor verksemda skjer, slik det blir kravd av regelverket. I takt med at petroleumsverksemda flyttar nordover, må selskapa òg utvikle nødvendig kunnskap for å unngå skadar på det ytre miljøet, særleg i nordområda.

I 2019 har vi arbeidd vidare med RNNP-AU (akutte utslipp) og hatt spesiell merksemd på sikkerheit på havbotninnretningar og førebygging av brønnskrollhendingar. RNNP-AU-resultata blei formidla til næringa gjennom ein særskild fagdag, og det er lagt til rette for diskusjon og refleksjon om resultata i ulike interne og eksterne forum. Vi har arbeidd spesielt med å vidareutvikle risikovurderingar som det er venta at styresmakterne set i verk for å kunne ansvarleggjere aktørane på relevante område. Vi har òg delteke i Faglig Forum for forvaltning av norske havområder, der utforming og oppfølging av forvaltingsplan for Barentshavet har vore ein hovudaktivitet. Vi har òg arbeidd med førekomst av snø og is og effekt av is på konstruksjonssikkerheit, bruk av dronar og bruk av standardar i regulering som eit ledd i førebygging av hendingar som kan føre til akutte utslipp.

Ptils arbeid med førebygging av akutt forureining legg til rette for kunnskapsutvikling, tverrfaglege prosessar og samarbeid mellom styresmakter. Arbeidet er sentralt for å betre kravetterlevinga til aktørane og vidareutvikle heilskapsvurderingar i sikkerheitsarbeidet. Styresmaktsamarbeid mellom Ptil og Mdir blei starta i 2018 for å adressere identifiserte risikoforhold på ein samordna måte. Samarbeidsprosjektet blir teke opp att i 2020.

Vi har òg gjennomført fleire tilsyn der ulike tema ved petroleumsverksemda i nordområda er adresserte. Aktivitetane og samarbeidet til tilsynet har medverka til erfaringsdeling nasjonalt og internasjonalt både på styresmaktnivå og for næringa. Tilsynet bruker kunnskapen og erfaringane til vidare oppfølging av operatørane si planlegging og gjennomføring av operasjonar i Barentshavet.

Utgreiingsprosjekta har resultert i betre kunnskapsgrunnlag om relevante tema knytt til HMS- utfordringar i nordområda, og erfaringar frå tilsynsaktivitetar tyder så langt på at verksemda i nordområda er forsvarleg, med tekniske tilpassingar på operasjonelle tiltak som opphaldstidsavgrensing, og spesialutvikla klede for å redusere risikoen for sterk nedkjøling og fysiske kuldeskader.

Tilsyn med dette som tema har gitt effekt i form av auka kunnskap og betre og meir systematisk førebygging i dei enkelte selskapa om årsaker til og tiltak for å redusere skader på ytre miljø, særleg i nordområda. Arbeidet gir nyttig og nødvendig kunnskap om risiko- og usikkerheitsmomenta som må takast omsyn til for å sikre forsvarleg petroleumsverksemd i dei nordlege områda av norsk kontinentalsokkel også i framtida.

Resultatmål 3.2 Verksemdene skal arbeide betre med førebyggjande arbeidsmiljø, helse og sikkerheit og sørgje for forsvarlege arbeidsforhold

Vi legg stor vekt på å følgje opp og kontrollere at næringa samla og dei enkelte aktørane fremjar eit seriøst og trygt arbeidsliv. Dette blir gjort gjennom tilsyn og i felles kompetansegivande arrangement der partane og næringa blir aktivt involverte. Partssamarbeid og arbeidstakarmedverknad utgjer òg ein sentral del av måloppnåinga i dette arbeidet. Selskapa skal arbeide systematisk for å førebyggje arbeidsrelaterte sjukdommar, skadar og ulykker og samtidig motarbeide useriøsitet og kriminalitet i arbeidslivet.


I perioden 2011 til 2019 har Ptil teke imot 242 varsel og bekymringsmeldingar om kritikkverdige forhold i arbeidslivet, og talet har auka. Dersom vi samanliknar perioden 2011–2016 med 2017–2019, har talet på meldingar dobla seg. I perioden 2017 til 2019 har det vore ei utvikling i retning av at fleire bekymringsmeldingar dreier seg om manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar, utfordringar når det gjeld opplæring og kompetanse, og svekt arbeidstakarmedverknad. Eit fellestrekk for desse er at dei kan knyttast til omstillings- og effektiviseringsprosessar. Som eit resultat av samordningsprosjektet for styresmaktenes mottak og handtering av varslingsmeldingar om kritikkverdige forhold i verksemda tok Ptil i starten av oktober i bruk ein digital varslingskanal som skal sikre anonymitet for varslarane i samsvar med personvernreglane (GDPR).

Arbeidsulykker som fører til alvorlege personskadar eller dødsfall, er ein viktig indikator for risikonivået i næringa. I perioden 2006 til 2013 var det ein stadig nedgåande trend, men etter 2014 ser vi ei meir variert utvikling. Petroleumsverksemda har i den siste 10-årsperioden hatt tre dødsulykker; 2009, 2015 og 2017. I 2018 blei det registrert 196 rapporteringspliktige personskadar på norsk sokkel. I 2019 blei det rapportert 230 slike skadar, der 32 blei klassifiserte som alvorlege i 2019, mot 25 i 2018.

På bakgrunn av datagrunnlaget, utvikling over tid og risikovurderingane våre prioriterer Ptil område som vi skal ha særleg merksemd mot for at innsatsen vår skal bidra til måloppnåing om at arbeidsforholda i petroleumsverksemda skal vere trygge og seriøse. I 2019 har hovudprioriteringane våre under resultatmål 3.2 vore:

- Systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko
- Tilrettelegging for reell arbeidstakarmedverknad
- Identifisering og handtering av HMS-risiko knytt til omstilling og endring
- Tilsyn med løns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar der det finst allmenngjeringsforskrifter

For kvart område vel vi tema og prioriterer aktivitetar basert på risikovurderingar for å oppnå ønskte resultat som kan medverke til måloppnåing. Den vidare delen gjer greie for aktivitetar, metodar, resultat, funn, reaksjonar og vurdering av effektar innanfor desse områda og tema som vi har vurdert som viktige for måloppnåinga i 2019. I tillegg vil vi omtale innsatsen vår innanfor dei to områda inkluderande arbeidsliv og varslings.



Systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko

Selskapa skal arbeide systematisk for å førebyggje arbeidsrelaterte sjukdommar, skadar og ulykker og motarbeide useriøsitet og kriminalitet i arbeidslivet. Systematisk HMS-arbeid er òg viktig for å redusere risikoen for feiloperasjonar og førebyggje storulykker. Det overordna biletet er at selskapa har eit høgt nivå for styring av arbeidsmiljørisiko og jobbar systematisk med å førebyggje arbeidsrelaterte sjukdommar og skadar. Samtidig peikar resultatane frå tilsynsaktivitetar på at biletet ikkje er einskapleg. Det er store ulikskapar mellom selskap og segment i industrien, mellom og innanfor innretningar og anlegg. Basert på risikovurderinga vår har vi i 2019 valt ut særskilde tema innanfor dette området som omfattar arbeidsmiljøfaktorar med alvorlege helseutfall, rammevilkår, styring av psykososial og organisatorisk risiko, muskel- og skjelettplager og eksponering av benzen.

Tilsynsaktivitetar, dialog og bekymringsmeldingar har i 2019 medverka til å gi eit forsterka bilete av at rammevilkåra har stor tyding for moglegheitene entreprenørane har til å drive systematisk førebyggjande arbeid. I 2019 har vi følgd opp **rammevilkår** som tema, der målsetjinga har vore å utforske korleis rammevilkåra blir oppfatta og handterte av dei ulike aktørane på systemnivå, og korleis dei samhandlar for å utvikle rammevilkår som kan gi eit høgare HMS-nivå. Vi har sett at det er tydelege betringsområde i relasjonen mellom operatør og boreentreprenørar, og at stadig nye kontraktmodellar skapar usikkerheit om roller og ansvar.

Tilsyn i 2019 har kasta lys over forhold som har tyding for **psykososialt og organisatorisk** arbeidsmiljø. I denne samanhengen har vi sett at selskapa er prega av høgare arbeidsbelastning og lågare bemanning, og at arbeidstidsordningar er sette under press. Vi registrer usikkerheit offshore i samband med endringar på land som påverkar offshoredrift, auka press og negativ utvikling med tanke på ytringsklima og rapporteringskultur. Vi ser òg eit auka behov for kompetanse om ny teknologi og nye organisasjonsformer. Aktivitetane våre viser at det framleis er behov for auka kunnskap i næringa om samanhengen mellom eksponering og helserisiko og om eigna og kunnskapsbasert metodikk for å vurdere risiko og prioritere tiltak.

Styring av risiko for **muskel- og skjelettplager** er følgd opp systematisk over fleire år. Vi har lagt vekt på at selskapa må ha ei systematisk styring av risiko for muskel- og skjelettplager, og at forskings- og kunnskapsbasert metodikk i større grad må takast i bruk i samband med risikovurdering og val av risikoreduserande tiltak. I 2019 har vi halde fram med å følgje dette opp i tilsyn, og vi har i større grad inkludert psykososiale og organisatoriske faktorar. Dette var òg tema på seminaret vi gjennomførte for næringa i 2019. Gjennom oppfølginga av styring av risiko for muskel- og skjelettplager i selskapa ser vi positive initiativ og betringar i næringa. Vi registrerer at fagpersonell har auka kompetansen sin, og at dette blir spegla i kartleggingar og risikovurderingar ved at desse oftare blir kopla opp mot eksponering og helserisiko, og at forskingsbasert metodikk i større grad blir nytta. Vi registrerer òg at selskapa har større fokus på informasjon og opplæring til personell om helserisiko knytt til arbeidet. Det er likevel framleis utfordringar, som krev at vi må halde fram med å fokusere på systematisk styring av risiko for muskel- og skjelettplager.

Benzen har vore eit gjennomgåande tema i ei rekkje tilsynsaktivitetar i 2019, i hovudsak innanfor arbeidsmiljøområdet. Temaet er godt forankra i næringa og er no inne i ein fase der vi fører tilsyn med korleis selskapa følgjer opp og gjennomfører risiko-reducerande tiltak. I 2019 har vi lagt vekt på å adressere selskap og innretningar der vi har erfart at benzeneksponering ikkje er gitt prioritet.

Hovudintrykket er at selskapa har auka kunnskap om benzeneksponering i stor grad og betra kvaliteten av risikostyring. Selskapa har òg i stor grad gjennomført tekniske og operasjonelle tiltak for å redusere eksponeringa på innretningar og anlegg. Biletet er likevel nyansert. Det er ikkje like god forståing eller handtering av alle eksponeringskjelder.

I undersøkinga om Ptil's effekt (Menon Economics og DNV GL 2019- 2020) kjem det fram at Ptil har hatt stor tyding for betringa som har skjedd i verksemda på dette området. Arbeidet med benzen har vore systematisk og langsiktig, og dette har, i tillegg til ein reduksjon av benzen direkte, medverka til betra kvalitet i styringa av kjemisk helseisiko generelt. Systematisk førebyggjande arbeid med arbeidsmiljørisiko har medverka til auka merksemd og effekt i form av kunnskap om, og meir systematisk arbeid innanfor, dei utvalde områda.

Tilrettelegging for reell arbeidstakarmedverknad

Velfungerande ordningar for medverknad og god arbeidstakarmedverknad er ein viktig berejleke i eit godt arbeidsliv og i det norske HMS-regimet. Vi legg vekt på at verksemdene legg til rette for og nyttar ordningar for medverknad i det førebyggjande HMS-arbeidet, òg i omstillingsprosessar. I samsvar med arbeidsmiljøloven har arbeidsgivaren plikt til å leggje til rette for arbeidstakarmedverknad, og arbeidstakaren har både plikt og rett til å medverke til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Mange selskap har gode ordningar for arbeidstakarmedverknad, men vi ser òg store variasjonar i tilrettelegginga for medverknad. Dette dreier seg blant anna om liten grad av eiga oppfølging av arbeidstakarmedverknad frå selskapa si side, og at føresetnadene for eit godt partssamarbeid i liten grad blir diskutert i AMU eller mellom partane. Vi registrerer at det blir sett av for lite tid til verneombudsarbeid, det blir i liten grad lagt til rette for kompetansehevingstiltak, og i fleire tilfelle er det for sein involvering av vernetenesta i saker som er viktige for HMS. Enkelte tilsyn viser òg at det er svekt tillit mellom arbeidstakar- og arbeidsgivarsida.

I 2019 blei arbeidstakarmedverknad følgd opp gjennom ei rekkje aktivitetar i tilsyn og i statusmøte med leiinga i selskapa, i Sikkerhetsforum og i møte med fagforeiningar og forum for koordinerande hovudverneombud. I aktivitetane våre i 2019 er merksemda retta mot reell arbeidstakarmedverknad og føresetnadene som må vere på plass for at medverknaden skal vere reell. Overfor selskapa har vi sett på korleis det blir lagt til rette for verne- og AMU-arbeid, kva slags opplæring verneombud og AMU-medlemmer får for å løyse aktuelle oppgåver, kor mykje tid som blir sett av til dette arbeidet, og tidspunktet for involvering i avgjerder som har tyding for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø.



Tilsyn med dette som tema har medverka til auka kunnskap og tiltak for betre og meir reell arbeidstakarmedverknad i fleire selskap. Vurderinga vår er at tilsyn og merksemd på partssamarbeid har medverka til måloppnåing, men vi vil framleis prioritere og gjennomføre tilsynsaktivitetar der arbeidstakarmedverknad er eit sentralt tema.

Identifisering og handtering av HMS-risiko knytt til omstilling og endring

I fleire år har næringa gjennomført omfattande effektiviserings- og omstillingsprosessar. Slike endringsprosessar skapar endra rammevilkår og usikkerheit knytt til utilsikta konsekvensar for HMS. Det kan vere utfordrande å forstå kor stor tyding komplekse endringsprosessar kan få for HMS. Dei potensielle utfordringane er avhengige av korleis arbeidet blir organisert og gjennomført, og korleis eksponeringsbileta for dei tilsette endrar seg. Det er derfor viktig at selskapa har god risiko- og endringsstyring og eit velfungerande partssamarbeid.

Omstilling og endring har vore eit prioritert område i oppfølginga vår over tid gjennom tilsyn med selskapa. Vi følgjer opp både korleis selskapa styrer, og risikovurderer og handterer nedbemannings- og endringsprosessar. I 2019 har vi blant anna ført tilsyn med styring av endringsprosessar i selskap som er fusjonerte eller kjøpt opp. Vi registrerer at selskapa i stor grad arbeider med å etablere robuste prosessar for å gjennomføre kostnadsreduksjonar og omstilling. Samtidig opplever vi til dels avstand mellom leiinga i selskapa og arbeidstakarane si vurdering av HMS-risiko i endringsprosessane.

I 2019 har vi òg kartlagt dei tilsette si oppleving av HMS-konsekvensar i omstilling og endring og lagt til rette for kunnskapsutvikling om psykososialt arbeidsmiljø. Vi har framheva at det er viktig at selskapa utnyttar moglegheitene til å betre sikkerheita i endringsprosessar, for eksempel gjennom teknologiutvikling, forenkling, betre planlegging og smartare måtar å jobbe på.

I 2019 har vi granska eit hendingsforløp ved Equinors landanlegg Hammerfest LNG. Anlegget hadde over tid vore drive med svakheiter på sikkerheitskritisk utstyr. Granskinga identifiserte brot på regelverket innanfor barrierestyring og teknisk sikkerheit, risikostyring og oppfølging frå leiinga. Dei viktigaste bakanforliggjande årsakene til at anlegget blei drifta i lang tid med desse svekkingane, var at risikoen blei undervurdert. Leiinga hadde heller ikkje gjort seg tilstrekkeleg kjende med svekkingane og sikra at dei blei korrigerde. Det blei òg identifisert betringpunkt knytt til manglande



kapasitet i organisasjonen. Her granska vi eit tilfelle der det ikkje hadde vore ei hending i tradisjonell forstand, eksempelvis utslepp, brann, personskade eller liknande, men ei svekking av barrierane på anlegget over tid. Selskapet gjennomførte òg ein grundig gjennomgang av hendinga opp mot dei interne krava og arbeidsprosessane i selskapet. Dette har medverka til viktige lærepunkt og tilrådingar for å hindre liknande hendingar.

Selskapa vi har ført tilsyn med, gir tilbakemelding om at oppfølginga vår har gitt effekt i form av styrkt risikostyring tidleg i prosessen, auka involvering og arbeidstakarmedverknad. Dette blir òg stadfesta av representantar frå vernetenesta og tillitsvalde. Det er viktig å understreke at vi òg i tida framover vil ha høg merksemd mot korleis selskapa følgjer opp potensielle negative langtidsverknader og prioriterer sikkerheit i nye prosjekt og aktivitetar.

Tilsyn med løns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar der det finst allmenngjeringsforskrifter

Det er innanfor ISO-faga det er flest utanlandske arbeidstakarar. Ein stor del av desse er innleigde arbeidstakarar. Det er per i dag ikkje ein allmenngjort tariffavtale for denne gruppa på landanlegga, og Ptil har derfor ikkje avgjerdsrett til å følgje opp løns- og arbeidsvilkåra for desse gruppene. I 2019 er likevel både innleigde og utanlandske tilsette følgde opp i tilsyn. Vi har sett mangel på føreseielegheit og uklare roller og ansvarsområde mellom operatør, innleigar og bemanningsføretak. Høgare grad av uføreseielegheit for den enkelte tilsette og uklare roller og ansvarsområde mellom operatør, innleigar og bemanningsføretak medverkar til at den heilskaplege HMS-oppfølging av denne gruppa er mangelfull.

Inkluderande arbeidsliv

"Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Eit arbeidsliv med plass for alle" av 1. januar 2019 til 31. desember 2022 (IA-avtalen) blei signert 18. desember 2018. I 2019 har Ptil arbeidd saman med Arbeidstilsynet, STAMI og NAV for å byggje opp og vidareutvikle den nye IA-satsinga. I dette arbeidet har Ptil fått ei tydelegare rettleiingsrolle og etablert eit eige partssamansett bransjeprogram for petroleumsverksemda der Ptil deltek i ulike forum.

Innsats knytt til varselvernet

I 2019 har vi vidareført innsatsen mot varslings- og bekymringsmeldingar. Vi har delteke i Arbeidstilsynets prosjekt for samordning av styresmaktene si handteringa av eksterne varsel om kritikkverdige forhold i verksemda. Dette har resultert i at Ptil hausten 2019 tok i bruk ein digital varslingskanal som skal sikre at identiteten til varslaren er i samsvar med personvernreglane (GDPR). Av de åtte varsla som er komne inn via denne kanalen, er sju frå anonyme varslarar. Andre resultat av samordningsprosjektet er at saksbehandlarar i Ptil som handterer varsel, har gjennomgått e-læringsmodulen som blei utarbeidd av Arbeidstilsynet, og vi har oppdatert dei interne retningslinene våre i samsvar med felles retningsliner som blei utarbeidde.

I 2019 er det òg gjennomført tilsyn med varslingsrutinar, der rutinane for varsling av kritikkverdige forhold i selskapa blei etterspurde, korleis arbeidstakarane hadde medverka i utforminga av rutinane, og korleis dei blei gjort kjende i verksemda. I tilsyn får vi inntrykk av at verksemdene har blitt meir bevisste på si eiga rolle i oppfølginga av varslarane.

Resultatmål 3.3 Andre prioriterte oppgaver: kunnskapsutvikling, regelverksutvikling og partssamarbeid

Kunnskapsutvikling

Ptil skal bidra til å utvikle og formidle relevant kunnskap om risikoforhold og medverke til at næringa og styresmaktene har ei felles forståing av utviklingstrekk og risikoforhold. Vi skal vere kunnskaps- og risikobaserte i oppfølginga, og vi skal ha kunnskap om politikkutforming og forvaltning for ansvarsområdet vårt, medrekna måloppnåing og effektar av eigne verkemiddel og tiltak. Denne kunnskapen er avgjerande for at styresmaktene skal kunne følgje opp ansvar og oppgaver på området.

I 2019 gjennomførte Ptil fleire kunnskapsutviklingsprosjekt, og det blei utført ei rekkje utgreiingsaktivitetar med konsulentstøtte. Kunnskapsutvikling omfattar eit vidt spenn av aktivitetar, som for eksempel å greie ut eit nytt temaområde, gå i djupna på spesifikke risikotema, førebu tilsyn og kampanjar og overvake og kartleggje risiko og brukarundersøkingar. I 2019 brukte Ptil i overkant av 70 000 timar på kunnskapsutvikling, og det blei gjennomført i underkant av 40 oppgaver med konsulentstøtte. Hovudinnsatsen vår i 2019 har vore retta mot IKT-sikkerheit, nordområda og RNNP, og det blei gjort ein større uavhengig gjennomgang av feltutbyggingsprosjekt av Acona.

I 2019 arrangerte vi 17 fagdagar for næringa. Rapportar og andre sentrale leveransar frå kunnskapsutvikling blir delte breitt på nettsidene våre, på partsarenaene, i fagseminar og på konferansar. Alle fagrapporar blir publiserte på nettsidene våre, og mange seminar blir strøymde på nett. Kunnskapsutvikling og -deling utgjør eit sentralt verkemiddel for oss, og vi opplever at produkt som blir leverte på dette området, er av høg kvalitet. Dei er etterspurde og blir oppfatta som nyttige i førebyggings- og forbetningsarbeidet til selskapa. Ptil har òg prioritert deltaking på relevante konferansar og fagseminar innanfor spesifikke fagdisiplinar, slik at vi held oss oppdaterte på fagfeltene våre.

Kunnskapsutvikling inkluderer det å halde seg oppdatert innan prioriterte risikotema og ulike forskingsområde. Ptil gjennomfører enkelte gonger eigne FoU-prosjekt eller samarbeider med andre styresmakter. Vi etablerer òg oversikt over og medverkar i FoU-prosjekt, til dømes i NFR-regi og i FoU-prosjekt som blir gjennomførte i næringa. Oppfølginga av FoU er risikobasert, og vi prioriterer aktivitetane med høgast relevans for risiko og prioriteringane våre. Det blir gjennomført erfaringsutveksling og deling av relevant FoU-kunnskap internt, med næringa, andre styresmakter og partane – både nasjonalt og internasjonalt.

Informasjonsformidling


Ptil.no er den viktigaste eksterne kommunikasjonskanalen vår. Dei siste åra har vi i snitt hatt ca. 40 000 brukarar kvar månad. Nettstaden blir primært brukt til erfaringsoverføring og informasjons- og kunnskapsformidling til selskapa i verksemda. Dei berande elementa av ptil.no er petroleumsregelverket med relevante lenker og koplingar, og kanalen *tilsyn*. Under sistnemnte fane publisere vi alle rapportar frå revisjonar og verifikasjonar og alle samsvarsfråsegner (SUT-ar), granskingsrapportar, samtykke, pålegg og likelydande brev.


Nettstaden inneheld ei rekkje fagrapporar og artiklar om faglege tema. Ptil.no er òg ein viktig kanal for informasjon om det årlege hovudtemaet vårt og ein sentral kanal for å kommunisere andre prioriteringar og strategisk viktige signal frå Ptil til næringa og andre viktige målgrupper.

Etter eit omfattande prosjekt blei ptil.no relansert våren 2019. Endringane av nettstaden inneber blant anna tydelegare koplingar mellom regelverk og tilsyn og gir moglegheiter for å sjå ulike tilsynsrapportar i samanheng via ein nyutvikla tilsyns-database. Bete søkjefunksjonar pregar generelt den nye nettstaden. Ptil bruker òg sosiale medium aktivt og målretta; Facebook, LinkedIn, Twitter og Instagram.

Vi gir ut publikasjonen *Dialog* to gonger i året. Tidsskriftet inneheld artiklar om aktuelle saker og tema som opptek partane i verksemda; styresmakter, arbeidsgivarar og arbeidstakarar. Tidsskriftet når om lag 10 000 faste abonnentar og blir i tillegg delt ut på ei rekkje av dei faglege seminar og konferansane våre. Også dei årlege RNNP-rapportane (Risikonivå i norsk petroleumsverksemd) blir publiserte og tilrettelagde for brukarane våre på ptil.no.

Konferansar og fagseminar er ein viktig del av oppdraget vårt om å medverke til erfaringsoverføring, informasjonsdeling og kunnskapsformidling. I tillegg til store, årlege konferansar som Sikkerhet – status og signaler, Topplederkonferansen, RNNP-arrangementet, Sikkerhetsforums årskonferanse og ONS Safety lunch (annakvart år) arrangerer vi kvart år ei rekkje fagseminar – ofte mellom 10 og 15. Dette er tiltak næringa gir svært gode tilbakemeldingar på.






Risikonivå i norsk petroleumsverksemd (RNNP)

Ptil bidreg til at verksemdene får tilgang til oppdatert og felles kunnskap gjennom fleire kjelder, der RNNP er ei av dei viktigaste. Ei av anbefalingane frå stortingsmeldinga (Meld. St 12 (2017-2018) om helse , miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten) var å vidareutvikle og styrke RNNP. Dette utviklingsarbeidet har i 2019 blitt gjennomført i samarbeid med partane. Det er gjort betringar av spørjeskjemaundersøkinga, det blir arbeidd med webbasert innrapportering av data, og det er utarbeidd ei eiga nettside for betre presentasjon av resultat på nett (rnnp.no). På partsarenaen er det gjennomført to arbeidsseminar i 2019. Eitt med den partssamansette rådgivingsgruppa i RNNP og eitt med HMS faggruppe. Sikkerhetsforum er informert om statusen for arbeidet og er gitt anledning til å kome med innspel. RNNP er eit viktig verktøy på partsarenaen. Resultata gir eit bilete av risiko innan utvalde område og eit grunnlag for identifisering av tiltak for å betre utfordringar på bransjenivå.

I RNNP rapporterer selskapa inn til Ptil på eit sett med indikatorar ("Definerte fare- og ulukkessituasjonar" – DFU-ar). Indikatorane er av ulik karakter. Nokre gir leiande informasjon, som for eksempel status på sentrale barrieresystem og status for vedlikehald ("*leading indicators*"), medan andre er av meir reaktiv karakter, som hendingar, ulykker og skadar ("*lagging indicators*"). Dette gir Ptil ei oversikt over nokre utvalde risikoområde som kan nyttast på bransjenivå. Ptil sit derfor ikkje med heile risikobiletet, og det er viktig å understreke at selskapa har den beste oversikten over sitt eige risikobiletet. Dataa gir likevel Ptil ei god og detaljert oversikt over risiko for kvart enkelt anlegg og kvar innretning på indikatorane det blir innrapportert på. Denne informasjonen blir brukt aktivt inn i tilsynslag og fagområde for å følgje med på nivå og utvikling over tid og som eit grunnlag for prioritering av risikotema, aktørar, innretningar og anlegg for vidare oppfølging. Med data på selskaps-, innretnings- og anleggsnivå blir ikkje rapportert offentleg i RNNP. RNNP-rapporten som blir publisert årleg, blir berre rapportert på eit aggregert næringsnivå.

I vidareutviklinga av spørjeskjemaet er det gjort eit stort arbeid med å utvikle risikoprofilar for ulike stillingar og utvikling over tid. Her har vi utvikla ein mal som korresponderer med det oppsettet NOA har utvikla for dei nettbaserte verktøya og arbeidsmiljøprofilane sine. Vi henta fram to eksempel frå "rnnp.no" under spørjeskjemaundersøkinga. Figuren til høgre viser eit eksempel på ein utvald risikoprofil, og figuren til venstre viser korleis ulike stillingar er eksponerte for ei spesifikk helseplage.



Figuren til venstre viser risikoprofil for bore- og brønnteknikarar på dei utvalde indikatorane våre innan arbeidsmiljø og helse samanlikna med andre tilsette i petroleumsvirksomda. Dette gir eit oversiktsbilete, eller ein arbeidsmiljøprofil for den enkelte yrkesgruppa.

Verktøyet er tilgjengeleg på nett og gjer det mogleg for selskap og tilsette i ulike segment å danne seg eit bilete av risiko på ulike område. Det er òg utarbeidd liknande grafikk for storulykkeindikatorane. Eksempel på storulukker vil bli godt motteke av partane, og vi vil halde fram med å vidareutvikle dette til å omfatte større delar av RNNP.

Brugarundersøking og vurderingar av effekt

Ein viktig metode for å kunne vurdere effekten av innsatsen vår er brukarundersøkingar. I 2019 blei ei brukarundersøking utført av konsultentselskapet Ideas2Evidence, send til 112 selskap som blei reviderte i perioden januar til november 2019. Nytt for 2019 er at vi i tillegg har gjennomført ei overordna brukarundersøking, som blei send ut i november til alle rettshavarar, operatørselskap, landanlegg og selskap som står for drifta av flyttbare innretningar. Denne brukarundersøkinga blei òg send til selskap som ikkje har gjennomgått tilsyn i 2019. Undersøkinga er anonym, og gir oss viktig informasjon om effekten av aktivitetane våre og generelle tilbakemeldingar utan direkte relasjon til spesifikke revisjonsaktivitetar. Det er òg nytt at verneombod deltek i undersøkinga.

Den løpande og overordna brukarundersøkinga indikerer at Ptil har ei viktig rolle i å redusere risikoen for storulukker og styrkje arbeidet med førebyggjande arbeidsmiljø i verksemdene. Tilbakemeldingane viser for eksempel at vi bli oppfatta som tydelegare i utøvinga av rolla og i bruken av verkemiddel og reaksjonsmiddel, og at aktørane har tillit til oss som etat. Vi vurderer brukarundersøkingar som eit viktig verktøy for å hente inn relevant og konstruktiv tilbakemelding frå næringa om korleis revisjonane våre blir oppfatta, og kva slags effekt dei har. Dette er viktig informasjon i det kontinuerlege betringsarbeidet vårt.

I 2019 gjennomførte Menon Economics og DNV GL på oppdrag frå Ptil ei evaluering der dei har intervjuet fagfolk, leiarar og verneombod om arbeidet med brønnkontroll og kjemisk helseisiko. Undersøkinga viser at betringsarbeidet til selskapa blir påverka av ei rekkje ulike kjelder. Fleirtalet av dei som blei spurde, meiner at regelverk og standardar har størst tyding, saman med selskapa sitt eige sikkerheitsarbeid og kompetansen i selskapa. Ptils tilsyn blir framheva som viktige, både revisjonar retta mot eige selskap, men òg rapportar etter revisjonar mot andre selskap blir brukte aktivt i betringsarbeidet til selskapa. Vidare har fagseminar og Ptils dialog og møter med næringa effekt. Mange peikar òg på Ptils hovudtema som ei viktig kjelde for prioritering i selskapa. Undersøkinga gir eit godt bilete av korleis arbeidet vårt bidreg til spesifikt betringssarbeid innanfor områda brønnkontroll og kjemisk helseisiko. Evalueringa viser at aktivitetane og initiativa våre blir oppfatta som relevante, og at påverknaden på betringsarbeidet i selskapa skjer på mange ulike måtar og på fleire ulike arenaer.

Konsesjonssystemet og styrkt tilsyn med fartøy

To av tiltaka etter tillegg til tildelingsbrev i 2018 og i stortingsmeldinga (St.meld. nr 12 (2017-2018)) var oppfølging av tildelingskriterium i utvinningsløyve og styrkt tilsyn med fartøy.

Konsesjonssystemet: Olje- og energidepartementet (OED) har ansvaret for gjennomføring av konsesjonstildelingar. I dette arbeidet innhentar OED faglege vurderingar frå ASD og Ptil. Det er mogleg å overdra delar av utvinningsløyve mellom selskap. Slike overdragingar kan endre samansetnaden av rettshavargruppa og krev samtykke frå OED. Det same gjer overføring av operatørskap, og slike samtykkesøknadar blir normalt lagde fram for ASD og Ptil for vurdering.

Styrkt tilsyn med fartøy: I 2018 blei det utført ei studie av konsulentselskapet Lloyds for å identifisere risiko knytt til petroleumsaktivitetar utførte frå fartøy. Rapporten blei òg nytta som utgangspunkt for val av tilsynsaktivitetar i 2019. Vi gjennomførte åtte tilsyn mot fartøy som utfører petroleumsverksemd i 2019. Våre erfaringar frå dette viser at selskapa handterer desse aktivitetane på ein god måte. Det blei identifisert betringsspunkt knytt til kompetanse og samhandling mellom innretninga og aktivitetane som blei utførte frå fartøy. Det blei òg utført ei avklaring av heimelsgrunnlaget under petroleumsloven når det gjeld aktivitetar ved bruk av fartøy. Ved å styrke tilsyn mot fartøy har vi auka medvitet om temaet og medverka til betre avklaring av reguleringa. Det har òg medverka til auka kunnskap og medvit om denne type aktivitetar. Ei av granskingane våre i 2019 omfatta fartøy: *Kollisjon mellom forsyningsfartøy og innretning (Sjoberg og Statfjord A)*. Granskingsrapportane er publiserte på nettsidene våre.

Styrkt oppfølging av feltutbyggingar på norsk sokkel

Dei fleste utbyggingane på norsk sokkel blir gjennomførte innanfor usikkerheitsspennet for tid og kostnader som går fram av PUD. Enkelte utbyggingar har likevel hatt store utfordringar med store overskridingar, både når det gjeld kostnader og gjennomføringstid. Stortingsmeldinga og Riksrevisjonens rapport peikte på desse utfordringane. I 2019 har vi derfor hatt særleg merksemd på betring og vidareutvikling av oppfølginga vår av feltutbyggingar.

Det er blant anna gjennomført ei uavhengig utgreiing av HMS-utfordringar ved feltutbyggingar av konsulentselskapet Acona AS. Utgreiinga identifiserte ei rekkje lærepunkt for styresmaktene, selskapa og leverandørane. Det blei òg peikt på behov for tettare samarbeid og dialog mellom sikkerheits- og ressursstyresmaktene og dei tilhøyrande departementa. I tillegg er det behov for tettare oppfølging på ulike område for kvar av styresmaktene. Utgreiinga gjer òg greie for tydinga av å involvere arbeidstakarar tidleg i planlegginga og gjennomføringa av utbyggingsprosjekt.

I 2019 har vi styrkt kapasiteten og kompetansen vår gjennom rekruttering og intern opplæring og vidareutvikla retningslinene for risikobasert oppfølging av feltutbyggingar og prosjekt. Prosjektet har gitt effekt i form av auka kunnskap og lærepunkt om temaet, som blir delt med næringa i fagseminar, foredrag og møte. Rapporten er òg publisert på nett for læring og erfaringsdeling. Vi har òg styrkt samarbeidet om temaet med andre relevante styresmakter og eige departement.

Samfunnsøkonomiske konsekvensanalysar

Sektorrettleiaren for samfunnsøkonomisk analyse blei vedteken sommaren 2018. Rettleiaren tek utgangspunkt i utgreiingsinstruksjonen og skal medverke til å sikre eit betre avgjerdingsgrunnlag i forkant av styresmaktavgjerder. I 2019 har utviklingsarbeidet vårt omfatta å sikre god bruk av samfunnsøkonomiske analysar når det er relevant.

Styrkt innsats innanfor IKT-sikkerheit

I 2019 har vi hatt stor merksemd på IKT-sikkerheit i petroleumsnæringa som ein del av store satsingar i perioden 2018–2021. Viktige tema som er adresserte, er trening og øvingar, regelverk og tilsynsmetodikk, resiliens mot cybersikkerheit, cybersikkerheit, telekommunikasjon og protokollar. I den samanhengen har vi i 2019 arbeidd med å avklare utfordringar og utarbeide eit risikobilete innanfor IKT-sikkerheit i petroleumsnæringa. Vi har gjennomført tilsynskampanjar der vi har hatt merksemd på vidareutvikling av metodikk. Vi har arbeidd med å tydeleggjere dagens regelverk knytt til IKT-sikkerheit, og vi har styrkt og vidareutvikla arbeidet innanfor beredskap og hendingshandtering, medrekna varslingsplikta til operatøren, inklusiv rapporteringskanal og CERT-løysing (*Computer Emergency Response Team*). Vi har òg hatt kunnskapsutvikling i samarbeid med andre styresmakter, akademia og fag- og forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt.

Regelverksutvikling

Det heilskaplege og risikobaserte HMS-regelverket for petroleumsverksemda er eit viktig verkemiddel for å nå måla for helse, miljø og sikkerheit. Vi arbeider på fleire arenaer for å evaluere og utvikle regelverket i nær dialog med partane i arbeidslivet, departementet og andre styresmakter. Regelverksarbeidet i 2019 har omfatta desse temaa: Årlege oppdateringar av HMS-regelverket, regulering av sikring som følgje av ny sikkerheitslov, utvikling av regelverk for sikkerheit og arbeidsmiljø ved transport og lagring av CO₂, og utvikling av regelverk for havvind. Summen av desse aktivitetane medverkar til å nå måla for helse, miljø og sikkerheit. Regelverksutvikling er eit område som krev kontinuerleg innsats. Tilsynet vil derfor prioritere ressursar innanfor dette området også i 2020.

Standardiseringsarbeid

Ptil deltek i ei rekkje nasjonale, regionale og internasjonale standardiseringsprosjekt som har tyding for Ptils rammesetjande og faglege verksemd. I 2019 har vi blant anna auka deltakinga i og støtta til nasjonale og internasjonale standardiseringsprosjekt innan sikring, samfunnsikkerheit, verksemdsstyring, risikostyring, vedlikehaldsstyring og arbeidsmiljø.

Marknadsovervaking

I 2019 har vi følgt opp det harmoniserte EØS-produktregelverket i tett samarbeid med andre nasjonale og internasjonale styresmakter i Europa både bilateralt og i nettverksgrupper. Fokus i 2019 har vore å betre rutine med å implementere interne system for å sikre prosessar for å gjennomføre marknadsovervaking.

Partssamarbeid og samarbeid med andre styresmakter

Medverknad og partssamarbeid er vesentlege føresetnader og viktige arenaer for HMS-regimet i petroleumsverksemda. Nedanfor følgjer ei oversikt over nokre av dei viktigaste:

Sikkerhetsforum er den sentrale samhandlingsarenaen mellom partane i næringa og styresmaktene innan helse, miljø og sikkerheit i petroleumsverksemda på norsk sokkel og på land. Sikkerhetsforum blei oppretta i 2001 for å initiere, drøfte og følgje opp aktuelle sikkerheits-, beredskaps- og arbeidsmiljøspørsmål i petroleumsnæringa til havs og på landanlegg i eit trepartsperspektiv. Sikkerhetsforum har ein strategisk agenda der storulykkes- og arbeidsmiljørisiko og partssamarbeid står sentralt. I 2019 blei det arrangert fem møte der saker som omhandla sikkerheits- og arbeidsmiljøspørsmål, blei adresserte.

I Regelverksforum blir handheving og etterleving av regelverket diskutert, i tillegg til forslag til endringar med tilhøyrande kost-/nyttevurderingar. Dette gir oss blant anna viktig informasjon om rammevilkår hos aktørane i verksemda. I 2019 er desse sakene handsama: styresmaktansvar for sentrale kontrollrom på land, regulering av

CO₂-handtering, regelverk for IKT-sikkerheit og tiltak etter rapport frå partssamansett arbeidsgruppe.

I ein rapport frå partssamansett gruppe i 2017 blei det sett fokus på kor viktig det er å styrkje og vidareutvikle to- og trepartssamarbeidet. Som ei oppfølging av dette blei det sett ned åtte partssamansette arbeidsgrupper; fem i Sikkerhetsforum og tre i Regelverksforum i 2018. Det har vore høg aktivitet i desse arbeidsgruppene i 2019. Det er arrangert arbeidsseminar og konferansar og utarbeidd rapportar, presentasjonsmaterieill og rettleiingar. Vi har arbeidd saman om viktige faglege problemstillingar og regelverksutvikling og styrkt opplæring om reguleringsregimet i petroleumsverksemda. Eit velfungerande to- og trepartssamarbeid utgjer ein viktig bergebjelke i reguleringsregimet vårt, og det er eit viktig bidrag for å sikre eit høgt HMS-nivå i petroleumsnæringa.

Ptil er òg representert i sentrale internasjonale organisasjonar for petroleumsverksemda:

EU Offshore Authorities Group (EUOAG):

Ptil deltek i EUOAG som observatør, og i 2019 er det revisjon av Offshore Safety Directive som har hatt mest merksemd. Vi har blant anna bidrege med formidling av kunnskap om den norske regelverks- og tilsynsmodellen.

North Sea Offshore Authorities Forum (NSOAF):

Ptil deltek som fast medlem i NSOAF. Arbeidsgruppa for boring og brønn held fram med det toårige arbeidsprogrammet. HMS-arbeidsgruppa har som tema for 2019 og 2020 *"Maintaining safe mobile drilling operations"*. Legal Group medverkar til erfarings- og informasjonsutveksling om regelverksutvikling mellom landa i nordsjø-bassenget.

International Regulators Forum (IRF):

Ptil deltek i IRF, som møtes årleg og drøftar ulike faglege problemstillingar, som rolla til tilsynsstyresmaktene, bruk av verkemiddel i tilsynet, tilsynsmetodar, kompetanseutvikling og forholdet mellom styresmakter og industri.

Arctic Offshore Regulator Forum (AORF):

I 2019 blei møtet for året arrangert av Ptil i Oslo, der også representantar frå Utanriksdepartementet deltok. Formålet med forumet er å diskutere og evaluere utfordringar og moglegheiter knytte til sikkerheit, for å medverke til eit høgt sikkerheitsnivå for petroleumsverksemda i Arktis.

I 2019 blei møtet for året arrangert av Ptil i Oslo, der også representantar frå Utanriksdepartementet deltok. Formålet med forumet er å diskutere og evaluere utfordringar og moglegheiter knytte til sikkerheit, for å medverke til eit høgt sikkerheitsnivå for petroleumsverksemda i Arktis.

DEL

IV

DEL IV. Styring og kontroll i Petroleumstilsynet

Overordna om mål og resultatstyring

Ptil har etablerte prosessar for mål- og resultatstyring som er dokumenterte i kvalitets-systemet vårt. Dette skal sikre at vi når fastsette mål- og resultatkrav i tildelingsbrevet, at ressursbruken er effektiv, at rapporteringa er påliteleg, og at verksemda blir driven i samsvar med lovar og reglar. Dermed er det mogleg for oss å avdekke eventuell styringssvikt, feil og manglar, slik at vi kan handtere dette. I 2019 er det ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar.

Vi jobbar kontinuerleg med å vidareutvikle systemet for styring, planlegging, rapportering og kontroll. I den grad tilbakemeldingar frå Riksrevisjonen gjeld opplegg for styring og kontroll, blir tilbakemeldingane følgde opp. Ein del av utviklingsarbeidet som har vore i gang i 2019, er å tilpasse og operasjonalisere kvalitetssystemet til alle nivå i organisasjonen, slik at styringsopplegget blir integrert i relevante prosessar på ein god måte. I løpet av 2019 har vi òg starta ein prosess for å innføre internrevisjon.

Vi har velfungerande system, verkøy og prosessar for ressurs- og aktivitetsstyring. Det etablerte planverktøyet vårt, den årlege planleggingsprosessen og rapporteringssystem har også i 2019 gitt leinga viktig informasjon om ressursbruk og gjort det mogleg å leggje til rette for mest mogleg effektiv ressursbruk og -styring gjennom året. Aktivitetane og resultatane blir evaluerte og følgde opp av leinga kvartalsvis og med departementet gjennom styringsdialogen.

Vi har lang erfaring med å kartleggje risikobiletet i petroleumsverksemda, og vi har verkøy og system for overvaking av risiko og ein open og tillitsbasert dialog med næringa. Dei samla risikovurderingane våre, saman med fagkompetansen til Ptil, har gitt eit godt avgjerdsgrunnlag for å prioritere aktivitetar i 2019.

Risikostyring og internkontroll

Risikovurderingar er ein viktig del av den interne styringa vår. Risikoarbeidet knytt til mål- og resultatstyringa blir dokumentert og følgd opp av hovudleinga. Arbeid med risikovurderingar, analysar og strategiarbeid er i 2019 vidareutvikla i form av gjennomførte risikoworkshops og betre og meir systematiske metodar for evaluering og strategiarbeid. Vi har identifisert hendingar og tema som kan vedkome oss, vurdert risiko og utarbeidd ein tilhøyrande tiltaksplan.

I 2019 har vi hatt ei eiga oppfølging av Ptils strategiarbeid. Vi har blant anna etablert ein arbeidsprosess for utvikling av strategiske plandokument. Digitaliseringsstrategi for Ptil 2018–2022 er fastsett. Det same gjeld tilsynsstrategi for 2020. Ein scenarioanalyse i samarbeid med konsulent er gjennomført for å supplere tradisjonelle metodar for strategiutvikling. Scenarior inngår i arbeidet med å medverke til at norsk petroleumsverksemd er verdslieiane på HMS også i framtida. Vidare er hovudtema for 2020 fastsett, og vi har arbeidd vidare med å operasjonalisere føringar frå (Meld. St 12 (2017-2018) om helse, miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten.)

Styring og kontroll knytt til IKT-sikkerheit

Styring og kontroll knytt til IKT-sikkerheit blir teke hand om gjennom styringssystemet for intern sikring, som er basert på krav i sikkerheits- og personopplysningslova, med underliggjande retningslinjer og strategiar. Desse omfattar bl.a. IT-strategi, IKT-retningslinjer, krisehandteringsplan og IKT-beredskapsplan.

Styrking av, og kontroll med, området IKT-sikkerheit blir gjennomført i samsvar med oppgåver i årshjul, tiltak etter gjennomførte risikoanalysar og leiinga sin gjennomgang for intern sikring. Handlingsplanar blir oppdaterte ut frå NSMs grunnprinsipp for IKT-sikkerheit. Øvingar, både interne og eksterne, blir gjennomførte i samsvar med planen. Ptils IKT-driftsleverandør er ISO-sertifisert og driv i samsvar med ITIL-rammeverket. Leverandøren blir følgt opp jamleg med omsyn til organisatoriske og tekniske IKT-sikkerheitsløyningar.

Utvikling av og endringar i opplegget for styring og kontroll

I 2019 har vi òg arbeidd med å vidareutvikle metoden vår for effektmåling og rapportering. Ptil har over tid jobba med å dreie merksemda i rapporteringa frå å omtale innsatsfaktorar og aktivitetar over til å kaste lys over effekten av arbeidet til tilsynet. Ptil har i samarbeid med konsulenten PWC hatt eit eige prosjekt for å byggje vidare på arbeidet som allereie er gjort i tilsynet knytt til utvikling av verksemdsstyring.

Eit viktig aspekt ved utvikling og endringar i opplegget for styring og kontroll er fastsetjinga av digitaliseringsstrategi for Ptil 2018–2022. I 2019 innebar dette etablering av eit dedikert prosjekt for prosesskartlegging og modellering av dei mest sentrale arbeidsprosessane våre, med målsetjing om å betre, forenkle og effektivisere måten vi arbeider på. Første steg i prosessen har omfatta kartlegging av revisjonsprosessen. Dette arbeidet vil halde fram mot 2022.

Med bakgrunn i Finansdepartementets rundskriv om internrevisjon i statlege verksemder starta vi i 2019 prosessen med å vurdere internrevisjon i Ptil. Vurderinga blei ferdigstilt våren 2019. Som følgje av dette er det vedteke at det skal innførast internrevisjon i Ptil som skal vere operativ frå 2021.

I 2019 har vi etablert og fått på plass leiinga sin gjennomgang, der føremålet har vore å gjere ei overordna vurdering av måloppnåing, kvalitet, styring og leiing i organisasjonen og identifisere relevante betringstiltak knytt til dette. Leiinga sin gjennomgang skal gjennomførast første kvartal 2020 og vil vere eit årleg tiltak.

I 2019 har vi arbeidd med å oppgradere til eit nytt sakshandsamings- og arkivsystem til "Elements" i heile organisasjonen. Systemet erstattar Ephorte og skal sikre og gi betre grunnlag for effektiv sakshandsaming.

Rapportering fellesføringar 2019

Inkluderingsdugnad

Ptil har i 2019 sett i gang ei rekkje tiltak for å arbeide systematisk med å realisere inkluderingsdugnaden til regjeringa. Etaten har i 2019 tilsett 11 personar, medrekna åtte medarbeidarar som har krav om helsesertifikat for å kunne utføre tilsyn offshore. Ingen av dei nyttilsette har vore personar med hol i CV-en og/eller funksjonsnedsetjing. Etaten har hatt særskild merksemd på opplæring og rettleiing av leiarar, utarbeiding og oppdatering av retningslinjer, arbeidsprosessar og rutinar. Desse tiltaka er sette i verk i 2019:

- IA-handlingsplanen til etaten er revidert, der blant anna etaten har utarbeidd ein inkluderande rekrutteringsstrategi med omsyn til søkjarar med innvandrarsbakgrunn, søkjarar med nedsett funksjonsevne og søkjarar med hol i CV-en. Ambisjonen i handlingsplanen er å tilsetje fleire med redusert funksjonsevne.
- Retningslinjer om rekruttering er endra med presiseringar og vurdering om korleis kandidatar med hol i CV-en og/eller nedsett funksjonsevne, skal vurderast.
- Det er lagt planar om å gjennomføre temamøte i 2020 om inkluderingsdugnaden med personalleiarar for å auke medvitet om inkludering og mangfald.
- Det er etablert dialog med NAV arbeidsrådgiving om moglegheitene som finst i etaten med omsyn til inkluderingsdugnad. Etaten held blant anna fram med ordninga med å kunne tilby praksisplass via NAV, med tilbod om og tilrettelegging av minst éin praksisplass per år.

I det vidare arbeidet vil Ptil ha særskild merksemd på å vidareutvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet med sikte på å nå måla for dugnaden om større grad av inkludering og mangfald. Etaten har ikkje nådd 5-prosentmålet for inneverande periode, men dei nemnde tiltaka er ein del av eit langsiktig haldningsskapande arbeid som skal gi effekt over tid.

Motverke arbeidslivskriminalitet

Offentlege oppdragsgivarar har som innkjøparar av varer og tenester eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Ptil skal ved tildeling av oppdrag og i oppfølging av inngåtte kontraktar sikre at leverandørane deira følgjer lovar og reglar.

Ivaretaking av løns- og arbeidsvilkår i offentlege anskaffingar:

Ptil har etablerte rutinar som skal sikre at gjennomføring av anskaffingar medverkar til at leverandørar følgjer lovar og reglar ved tildeling av oppdrag. Verksemda bruker dei statlege standardavtalane som er utarbeidd av Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), som kontraktsvilkår ved inngåing av kontraktar. Desse gir krav til leverandøren som er i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, og blir lagt ved kunngjeringsprosessen. Signert eigenfråsegn om løns- og arbeidsvilkår frå leverandøren blir henta inn ved innlevering av tilbodet og blir lagt ved den endelege kontrakten.

Informasjons- og kontrollplikt og innsynsrett:

Ptils gjeldande praksis for kontraktar som fell inn under verksemdsområde som er regulerte av allmenngjering, er nedfelt i "Rutine for ivaretaking av plikter i medhald av forskrift om informasjons- og kontrollplikt og innsynsrett". Denne dekkjer både hovudleverandør og underleverandørar, og Ptil følgjer opp ved innsyn i relevant dokumentasjon. I 2019 er det ikkje avdekt forhold som er i strid med det ovanne.

DEL

V.



DEL V. Vurdering av framtidsutsikter

I siste stortingsmelding for petroleumsverksemda er det slått fast at næringa må ha eit langsiktig perspektiv og halde eit høgt HMS-nivå (Meld. St 12 (2017-2018) om helse , miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten.) Ptil skal vere ei sterk og tydeleg tilsyns- styresmakt med nødvendig tillit og truverd, og det blir understreka at selskapa er ansvarlege for at verksemda til alle tider er forsvarleg og i tråd med regelverket. Ptil skal leggje premisar for og følgje opp at aktørane tek hand om dette ansvaret.

I 2018 gjennomførte vi ein scenarioanalyse der perspektivet var petroleumsverksemda og HMS-situasjonen i 2035. Det vi pekte på som sikre drivkrefter, ser vi framleis gjeld: Oljeprisen vil variere. Effektivisering og kostnadskutt vil framleis prege bransjen. Klima, miljø og berekraft vil få større tyding, teknologiutvikling og digitalisering vil halde fram. Arbeidsorganisering og samhandlingsformer vil endre seg. Det vil bli auka bruk av fartøy, og seinfasen vil i større grad prege næringa. Ei slik utvikling vil krevje stor merksemd i tida som kjem, både frå oss som styresmakt og frå partane i næringa.

Klima, miljø og berekraft

Klimaomsyn har blitt ein sentral premiss for oljepolitikken, og ein viktig drivar for omstilling er fornybar energi. Ein samla norsk industri lanserte i januar 2020 klimamåla sine, med ein reduksjon på 40 prosent innan 2030 og tilnærma 100 prosent reduksjon innan 2050. Dette er svært ambisiøse mål som vil krevje stor innsats og oppfølging. Vi har i fleire år følgd opp klimatilpassingar i næringa og førebuingane til fornybar energi- produksjon. Næringa må sørgje for at innretningar og anlegg blir drivne på ein sikkert måte under og etter at tilpassingar er gjennomførte, og at nye løysingar held eit høgt sikkerheitsnivå.

Ptils arbeid med havvind omfattar oppfølging av Hywind Tampen og utvikling av eit regime for havvind som omfattar rammesetjing, tilsyn og partssamarbeid. Havvind er ein del av løysingane for å nå klimamåla, men representerer òg ny industriverksemd til havs. Regelverk for transport og lagring av CO₂ er fastsett i 2020. Vi ventar på av- klaringar om styresmaktansvar for havvind generelt og for mineralutvinning. Dette er område der vi allereie i dag har kompetanse eller kompetanse som kan vidareut- viklast. Vi må òg aktivt vurdere om regelverket og handhevinga vår fremjar reduksjon i klimautsleppa på ein sikker måte, og om det vil vere nødvendig å gjere regelverks- justeringar.

Ny teknologi – sikkerheit og sårbarheit

Ny teknologi og digitalisering har framleis stor merksemd i næringa, og vi beveger oss i retning av meir fjernstyring, autonome og heilautomatiserte løysingar. Alt dette er viktige initiativ som vil kunne gi verdifulle bidrag til effektivisering, sikkerheit og arbeidsmiljø, og klimamål.

Ny teknologi og fleire integrerte system vil òg kunne føre til større kompleksitet og auka sårbarheit. Trugselbiletet endrar seg stadig, og tiltak og barrierar må reflektere dette. Både vi i Ptil og aktørane i næringa gjer eit betydeleg arbeid for å unngå IKT-hendingar. I løpet av dei komande åra vil vi gjennomføre fleire prosjekt innanfor dette området, blant anna kunnskapsutvikling og tilsyn om korleis nye teknologiar og løysingar påverkar risiko og korleis dette blir handtert.

Effektivisering og omstilling

Vi ser framleis at endringstakten er høg, og det kan vere utfordrande å gjennomføre heilskaplege vurderingar av konsekvensar for sikkerheit og arbeidsmiljø. Det blir jobba kontinuerleg med å effektivisere bemanning og betre driftsmodellar og driftsløysingar. Dei overordna rammevilkåra er relativt uendra, medan forholdet mellom operatørar og entreprenørar og arbeidssituasjonen til den einskilde er gradvis endra. Dette gir seg blant anna utslag i nye måtar å organisere arbeidet på, nye kontraktsregime og nye tilknytingsformer for tilsette.

Vi vil framover leggje stor vekt på korleis næringa aktivt vurderer konsekvensar av endringar og nye løysingar, og korleis tilhøyrande usikkerheit blir evaluert og handtert for å sikre ei forsvarleg verksemd.

Vi ser òg i 2019 at store internasjonale operatørar har mindre merksemd mot norsk sokkel. Det blir framleis gjennomført fusjonar og oppkjøp, det kjem nye selskap til, og mindre og mellomstore selskap tek på seg større roller. Ptil følgjer denne utviklinga nøye og legg vekt på at selskapa prioriterer og held ved lag kjennskapen og forståinga av det norske HMS-regimet.

Framleis styrking av regimet og effektar av arbeidet vårt

I 2020 vil vi framleis ha stor merksemd mot å vere meir synlege, sterkare og tydelegare i tilsynet vårt og i anna uttetterretta verksemd. Vi vidareutviklar tilsynsstrategien og verkemiddel- og reaksjonsbruken vår, og vi gjennomfører betringar i eigne system og arbeidsprosessar. Vi jobbar med å sikre høg kvalitet på kunnskapsgrunnlaget, vårt som er det viktigaste verktøyet for å kome fram til eit tidsrett risikobilete. Vi kjem òg til å jobbe vidare med å betre metodane våre for å evaluere effekten av innsatsen.

Sjølv om budskapet frå stortingsmeldinga er at den norske modellen er velfungerande, må vi kontinuerleg arbeide for å styrkje og vidareutvikle regimet.

Vi jobbar med dette kvar dag og ventar at alle partar medverkar i oppfølginga si for å skape ei sikker og berekraftig verksemd også i 2020.

Anne Myhrvold
Direktør Petroleumstilsynet



DEL VI. Årsreknskap

Foremål

Petroleumstilsynet (Ptil) skal leggje premisser for og følgje opp at aktørane i petroleumsvirksemda held eit høgt nivå innan helse, miljø og sikkerheit, for å redusere risikoen for storulukker, uønskete hendingar og arbeidsrelaterte skadar og sjukdom. Styresmaktansvaret gjeld for petroleumsvirksemda på norsk kontinentalsokkel, på enkelte landanlegg, gasskraftverk, anlegg for CO₂-fangst og transportanlegg.

Ptil skal ved eige tilsyn og i samarbeid med andre styresmakter på HMS-området medverke til at petroleumsvirksemda, og verksemd knytt til denne, blir følgd opp på ein heilskapleg måte. Ptil skal vidare leggje stor vekt på å formidle kunnskap om risiko og følgje opp at verksemda skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsprinsipp

Ptil er ei bruttofinansiert verksemd, og rekneskapen for verksemda blir ført som ein periodisert rekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane. Ptil rapporterer òg til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Kommentarar til løyvingrapportering og rekneskap

Løyvingrapportering

Samla tildeling for Ptil var på 331,8 mill. kroner. I tillegg har Ptil fått belastingsfullmakt frå UD på 1,0 mill. kroner for å gjennomføre *Regulation and standardization of Arctic petroleum activity* og frå ASD på 0,5 mill. kroner for *FoU-prosjekt om feltutbyggingar på norsk sokkel*. Saman med refusjonar frå Nav og meirinntektsfullmakter har den disponible ramma vore 338,4 mill. kroner.

Utgiftsløyvinga på post 01 *Driftsutgifter* er i 2019 blitt auka med 6,6 mill. kroner til styrkt oppfølging av petroleumsvirksemda og med 5,0 mill. kroner til heilårseffekt av løyvingaukinga frå 2018 til styrkt oppfølging av IKT-sikkerheit i petroleumsvirksemda. I tillegg er løyvinga justert for lønnskompensasjon og prisjusteringar i tillegg til justeringar som følgje av ABE-reforma.

Det er eit mindreforbruk av ordinære driftsmiddel på til saman 8,8 mill. kroner, som svarer til 2,7 prosent av løyvinga. Mindreutgifta skuldast blant anna ubrukte lønsmiddel og forsinka leveransar i enkelte prosjekt og anskaffingar. På grunn av personellavgang og resulterande omdisponering av eigne ressursar til andre rollar og prioriterte oppgåver har vi òg hatt litt redusert kapasitet til å gjennomføre sektoroppgåver, blant anna.

Inntekter knytte til gjennomføring av tilsyn, viser at Ptil har ei mindreinntekt på post 03 *Gebyr tilsyn*⁴ på 1,0 mill. kroner og ei mindreinntekt på 9,8 mill. kroner på post 70 *Petroleumstilsynet – Sektoravgift*⁵ samanlikna med gitte løyvingar for 2019. Men dette må sjåast i samanheng med tilhøyrande mindreutgift på postane 01 og 21, som er knytt til gjennomføring av refunderbare prosjekt og oppgåver.

⁴ Gebyr kreves fra virksomhetene i petroleumsnæringen når tilsynet er rettet mot den enkelte aktør eller virksomhet.

⁵ Sektoravgift kreves for aktiviteter rettet mot grupper av næringen.

Artskontorrapportering

Det er innbetalt i alt 90,1 mill. kroner knytt til Ptils aktivitetar innanfor gebyrfinansiert tilsynsvirksemd og oppdrag retta mot Norad – Olje for utvikling osv., ei auke på 14,1 mill. kroner samanlikna med 2018. Dette skuldast blant anna ei overføring av aktivitetar frå sektorfinansierte oppgåver til gebyrfinansierte oppgåver og at det blei gjennomført eit høgare aktivitetsnivå innanfor oppdragsverksemda overfor Norad.

Lønsutgiftene er auka frå 204,9 mill. kroner i 2018 til 216,2 mill. kroner i 2019. Aukinga skuldast lønsvekst som følgje av lønsoppgjering i 2018 og at Ptil har hatt ei auking i talet på tilsette.

Det er utbetalt 6,0 mill. kroner til investeringar i 2019. I all hovudsak gjeld dette ombygging av kontor og møterom, utskifting av pc-ar og skjermar og teknisk oppgradering av møterom og beredskapssentral.

Ptils inntekter frå tilsyn som gjeld sektorfinansierte oppgåver (innkrevjingsverksemd), er på 106,9 mill. kroner, ei auking på 5,8 mill. kroner samanlikna med 2018. Aukinga må sjåast i samanheng med auka driftsløyving til styrkt oppfølging av petroleumsvirksemda.

Verksemdsrekneskapen etter SRS

Driftsinntekter

Dei totale driftsinntektene er på 327,8 mill. kroner og representerer ei auking på 8,8 prosent frå 2018.

Delen *Inntekt frå løyvingar* er auka i forhold til 2018 og skuldast i hovudsak ei auking i driftsløyvinga knytt til ei styrkt oppfølging av petroleumsnæringa og auka lønskostnader.

I 2019 har Ptil fått inn og handsama fleire SUT-søknadar og gjennomført fleire granskningar i forhold til 2018 og har derfor utført ei omdisponering av ressursbruken frå sektorfinansierte til gebyrfinansierte tilsynsaktivitetar. I tillegg reflekterer aukinga i *Inntekt frå gebyr* at det er gjennomført fleire tilsynsaktivitetar mot aktørane.

Driftskostnader

Dei totale driftskostnadene i 2019 utgjorde 327,8 mill. kroner, ei auking på 8,8 prosent samanlikna med 2018. *Lønskostnadene* har hatt ei auking på 6,2 prosent og skuldast ein kombinasjon av lønsoppgjering i 2018 og ei auking i talet på tilsette. *Andre driftskostnader* har auka med 12,8 prosent, og dette må sjåast i samanheng med auka løyvingar for gjennomføring av prosjekt/aktivitetar knytte til styrkt oppfølging av petroleumsvirksemda og styrkt oppfølging av IKT-sikkerheit. Innanfor desse områda har det vore eit større behov for kjøp av konsulenttenester.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

I 2019 har Ptil fått ei auka løyving knytt til gjennomføring av prosjekta retta mot grupper i petroleumsnæringa. Dette har medverka til ei auking i inntektene innanfor sektoravgiftsområdet, jf. rekneskapslina *Avgifter og gebyr direkte til statskassen* i resultatrekneskapen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og instruks frå overordna departement. Årsrekneskapen gir etter mi vurdering eit dekkande bilete av Ptils disponible løyvingar og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld. Ptil blir revidert som forvaltingsorgan av Riksrevisjonen. Revisjonsmeldinga er klar seinast 30. april 2020.

Petroleumstilsynet, 15. mars 2020



Anne Myhrvold

Direktør Petroleumstilsynet



Prinsippnote til løyvings- og artskontorrapportering

Årsrekneskapen for Ptil er utarbeidd og lagd fram etter nærare retningslinjer som er fastsette i *Føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene")*. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1 Generelt om årsrekneskap, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av november 2019 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 *Grunnleggjande prinsipp for årsrekneskap*:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i føresegnene 3.5 *Rapportering til statsrekneskapen* til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlina for netto rapportert til løyvingsrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Ptil er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1 *Staten si konsernkontoordning*. Ptil er ei bruttobudsjettert verksemd og blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto i Noregs Bank. På slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgangen til eit nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar Ptil står ført opp med i kapitalrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Ptil har rapportert til statsrekneskapen, og er ført opp etter kapitla og postane som Ptil har fullmakt til å disponere. Kolonnen for "Samla tildeling" viser kva Ptil har fått stilt til rådvelde i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar Ptil står ført opp med i staten sin kapitalrekneskap.

Innkomne fullmakter til å belaste kapittel/post i ei anna verksemd (belastingsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for "Samla tildeling", men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som er knytte til innkomne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for "Rekneskap" i løyvingsrapporteringa.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal Ptil har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Ptil har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvsrapportering 31.12.2019

Utgifts-					Samla	Rekneskap	Meirutgift (-) og
kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	tildeling *	2019	mindreutgift
0642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642)	01	Driftsutgifter	A, B	296 023 000	287 364 356	8 658 644
0642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642)	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	31 437 000	31 295 729	141 271
0642	Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642)	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A, B	4 300 000	1 988 631	2 311 369
0118	UD – Belastningsfullmakt 0118.70	70	Driftsutgifter	B		1 000 000	
0601	ASD – Belastningsfullmakt 0601.21 – FoU om feltutb. på norsk sokkel	21	Spesielle driftsutgifter	B		500 000	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			14 213 266	
